

Karita Vangestad Moen

Når kommunegrensa vert viska ut frå kartet

Ein kvalitativ studie av innbyggjarar sine opplevingar av identitet og tilhøyrse knytt til kommunedelinga av Snillfjord kommune

Masteroppgåve i Lektorutdanning i samfunnsfag

Veileder: Mariann Villa

Juni 2020

Karita Vangestad Moen

Når kommunegrensa vert viska ut frå kartet

Ein kvalitativ studie av innbyggjarar sine opplevingar av identitet og tilhøyrse knytt til kommunedelinga av Snillfjord kommune

Masteroppgåve i Lektorutdanning i samfunnsfag
Veileder: Mariann Villa
Juni 2020

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosiologi og statsvitenskap



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Samandrag

I juni 2014 gjennomførte Stortinget ei omfattande kommunereform, der målet var å sikre meir robuste kommunar. Tre år etter reforma vart Snillfjord kommune delt i tre, og kvar enkelt del vart slått saman med andre kommunar. Det kom ikkje motførestillingar mot forslaga, og eit samrøysta kommunestyre stilte seg bak forslaget. Med dette som bakgrunn ønsker denne oppgåva å undersøke korleis innbyggjarane si identitet og stadstilhøyrslar vert påverka av endringar i kommunestrukturen.

Denne kvalitative studien er basert på djupneintervju med innbyggjarar som høyrde til gamle Snillfjord kommune. Med utgangspunkt i dette materialet vert det utført ei analyse av korleis innbyggjarane opplevde sjølv delingsprosessen. Det vert også sett nærare på kva tankar som kom då dei fekk vite om delinga, korleis dei ser på dagens situasjon og kva framtidskonsekvensar dei ser av denne delinga på sikt. Tankar knytt til påverknad av stadens attraktivitet som følge av dei strukturelle endringane vert særleg vektlagd.

Funna i oppgåva tyder på at det er store individuelle skilnader på korleis innbyggjarane har opplevd delinga. Faktorar som informasjonsgiving og grad av medbestemming vert vurdert svært ulikt, og det er ein sterk samanheng mellom korleis ein opplever prosessen og kor nøgd ein er med utfallet av avgjerda. Dei fleste informantane uttrykker ei redsel for framtidige konsekvensar som følge av delinga, der mindre innflytelse, færre funksjonar og tenester, samt mindre attraktivitet er moment som går igjen. Likevel har ikkje tilhøyrslar og identiteten knytt til staden vorte nemneverdig påverka hjå dei fleste.

Abstract

In June 2014, the Parliament of Norway implemented a comprehensive municipal reform, with the aim of securing more robust municipalities. Three years after the reform, the municipality of Snillfjord was divided into three parts, and all parts were then merged with other municipalities. There were no objections against the proposal, and a unanimous municipal council supported the proposal. With this as a background, this task seeks to examine how the identity and place belonging of the inhabitants are influenced by changes in the municipal structure.

This qualitative study is based on in-depth interviews with residents who belonged to the former Snillfjord municipality. Based on this material, an analysis was made of how the inhabitants experienced the process of dividing. It also looks at what initial thoughts that came to mind when they learned about the division, how they assess the current situation and what future consequences they imagine from this division in the long run. Thoughts related to the influence of the place attractiveness as a result of the structural changes are of particular importance.

The findings in this thesis indicate that there are large individual differences in how the inhabitants have experienced the division. Factors such as providing of information and degree of co-determination are considered very different, and there is a strong correlation between how one experiences the process and how satisfied one is with the outcome of the decision. Most informants express a fear of future consequences as a result of the division, where less influence, fewer functions and services, as well as less attractiveness are recurring moments. Nevertheless, neither belonging nor the identity associated with the place was significantly affected by most people.

Forord

Å skrive masteroppgåve i sosiologi har vore ein spennande og engasjerande prosess, men også eit halvår som har vore krevjande, utfordrande og stressande der tida har gått alt for fort. Heldigvis, med god hjelp på veggen er eg no i mål.

Eg vil først rette ein stor takk til rettleiaren min Mariann Villa for god hjelp gjennom heile prosessen. Takk for konstruktive og ærlige tilbakemeldingar, gode og utfyllande svar og for at det i ny og ne dukka opp gode tips i mailen når eg trengte det som mest.

Ein stor takk også til Ola Andreas Stavne for at han opna dørene for meg inn til dette spennande prosjektet.

Eg vil også nytte meg av anledninga til å takke informantane mine for at dei stilte opp til intervju og delte meiningane og erfaringane sine med meg. Tusen takk også til kontaktpersonen min i Snillfjord for god hjelp med å finne informantar til prosjektet.

Vidare vil eg også takke Håkon, familie og venner for god hjelp og støtte. Tusen takk til Anette og Håkon for gjennomlesing, nyttige innspel og gode råd!

Fem fantastiske år på lektorutdanninga i samfunnsfag ved NTNU er over noko som både er godt, men også vemodig. Trondheim er ein utmerka studieby, men no går kursen sørover.

Karita Vangestad Moen

Trondheim, Juni 2020

Profesjonsrelevans

Denne oppgåva har sett på innbyggjarane si oppleving av prosessen rundt delinga av gamle Snillfjord kommune. Særleg har det vore av interesse korleis identitet og tilhørsle til staden har utvikla seg med bakgrunn i dette. Studien er prega av mitt eige engasjement og interesse for saker som omhandlar distrikta. Tematikker som identitet og tilhørsle, kontinuitet og brot er alle fundamentale bærebjelkar i det ein omtalar som samfunnsfag. Som lektorstudent i samfunnsfag og med sosiologi som hovudprofil er det derfor svært relevant å kunne gjere eit djupdykk i slike overordna tema.

I tillegg til den reint undervisningsmessige biten, er det som lektor også viktig å vite noko om kva mekanismar som gjer seg gjeldande ved slike omfattande deling- og samanslåingsprosessar. Demokrati og medborgarskap er eitt av dei tre tverrfaglege temaa i Fagfornyinga. Relevansen til denne oppgåva kan dermed sjåast i lys av dette, då samanhengar mellom demokratiets føresetnader, verdiar og spelereglar kjem praktisk til syne i eit slikt arbeid. Ved å få større innsikt i demokratiske prosessar og korleis innbyggjarane har opplevd grad av medbestemming, vil det også kunne overførast kunnskap som kan betre forståinga for samhengane mellom demokrati og medborgarskap. Dette vil vere viktig for å kunne stimulere elevar til å bli aktive medborgarar og deltakarar i vidareutviklinga av demokratiet.

Det kan også argumenterast for at endringar i kommunestrukturar også påverkar skular i stor grad. Det kan derfor vera av interesse korleis eg som lærar ser på dette. Sjølv om ikkje skulane blir via stor plass i denne oppgåva, er eg ein representant for denne institusjonen som vil verte prega av slike større politiske endringar. Skulen vert ofte omtala som samlande for befolkninga då den involverer alle på eit tidspunkt i livet. Det er derfor viktig og vera klar over korleis ein opplever slike beslutningar for å kunne jobbe for å skape ein best mogleg skule i kommunar i omstilling.

Innholdsliste

Samandrag	iii
Abstract	v
Forord	vii
Profesjonsrelevans	viii
Innholdsliste	ix
Figur- og tabelliste	xi
1. INTRODUKSJON	1
1.1 Innleiing og problemstilling.....	1
1.2 Oppgåva si oppbygging.....	2
2. BAKGRUNN	3
2.1 Bakgrunn for kommunereforma.....	3
2.2 Vedtak om å dele Snillfjord kommune i tre deler.....	4
3. TEORI OG TIDLEGARE FORSKING	6
3.1 Inndelingslova og forskning på tidlegare kommunereformer.....	6
3.2 Lokalsamfunn.....	7
3.3 Stadstilhøyrsløse og stadsidentitet.....	8
3.4 Interaksjon, identifikasjon og institusjonalisering.....	10
3.5 Stad som «location», «sense of place» og «locale»	11
3.6 Fellesskap, relasjonar og nettverk.....	12
3.7 Attraktivitet.....	14
3.8 Teoretisk oppsummering.....	16
4. METODE	17
4.1 Val av metode.....	17
4.2 Utval og rekruttering av informanter.....	18
4.3 Datainnsamling.....	20
4.3.1 Intervjuguide og pilotintervju.....	20
4.3.2 Gjennomføring av intervju.....	21

4.3.3	Behandling av data.....	22
4.4	Studiens kvalitet.....	23
4.5	Etisk vurdering.....	25
5.	ANALYSE.....	27
5.1	Innbyggjarar sine opplevingar med kommunedelingsprosessen.....	27
5.1.1	Informasjonsgiving og innbyggjarundersøking: «Fekk vi sagt det vi meinte?».....	28
5.1.2	Medbestemming: «Vert det vi seier høyrte?»	30
5.1.3	Opplevinga av tempoet av prosessen: «Fort, men for fort?»	33
5.2	Opplevingar knytt til før, no og framtid.....	34
5.2.1	Informantane sine reaksjonar på kommunedelinga: «Fornuft eller kjensler?».....	34
5.2.2	Samhald og nettverk: «Saman er vi sterke»	36
5.2.3	Oppfatning av staden: «Kva er viktig for meg?»	38
5.2.4	Frykt for framtidige konsekvensar: «Tida vil vise»	42
5.2.5	Opplevingar av avgjerda: «Kven er nøgd?»	44
6.	AVSLUTNING.....	46
6.1	Sentrale funn.....	46
6.2	Vegen vidare.....	49
	LITTERATURLISTE.....	50
	VEDLEGG.....	53
	Vedlegg 1: NSD-godkjenning.....	53
	Vedlegg 2: Informasjonsskriv til informantane.....	60
	Vedlegg 3: Samtykkeerklæring.....	62
	Vedlegg 4: Intervjuguide.....	63

Figur- og tabelliste

Figurliste

Figur 1: Kart over Snillfjord kommune der dei nye kommunegrensene er skissert.....	5
--	---

Tabelliste

Tabell 1: Oversikt over namn på informantane nytta i oppgåva og tilhøyrande ny kommune.....	19
---	----

1.0 INTRODUKSJON

1.1 Innleiing og problemstilling

Eg er sjølv oppvaksen på ein liten tettstad i Sogn og Fjordane. Som dei fleste små kommunar i landet har det også i min heimkommune i lang tid gått føre seg ein diskusjon om samanslåing med nærliggande nabokommunar. Dette har ført til eit sterkt engasjement hos bygdefolket, og det vert ytra sterke meiningar rundt dette. Det har likevel alltid vore ei klar overvekt av dei som ikkje ønsker samanslåing, og det verkar som om det rokkar ved sjølve identitetskjensla til innbyggjarane når saka vert omtala. Etter ei omfattande kommunereform har derimot samanslåingar vorte realiteten for mange andre kommunar, og mange nye kommunestrukturar har oppstått. Med dette som bakgrunn vaks det fram eit engasjement for å finne ut korleis innbyggjarane i slike kommunar har opplevd desse strukturelle endringane. Gamle Snillfjord kommune har gjennomgått ei endring litt utanom det vanlege. Kommunen vart delt i tre og dei tre delane vart deretter slått saman med eksisterande kommunar. Med denne interessante deling- og samanslåingsprosessen ønska eg derfor å undersøke følgjene av omstruktureringane. Gjennom denne oppgåva ønsker eg dermed å finne svar på følgjande forskingsspørsmål:

- Kvifor har innbyggjarane så ulik oppfatning om delingsprosessen?
- Korleis opplever innbyggjarane at attraktiviteten til stadene tilknytt den gamle kommunen har blitt påverka av dei strukturelle endringane?

Desse spørsmåla gir dermed grunnlag for ei todeling av analysedelen i oppgåva, då innbyggjarane si oppleving av korleis sjølve prosessen gjekk føre seg vert undersøkt først, før konsekvensane av delinga blir via meir plass etterpå, hovudsakeleg gjennom synet på stadens attraktivitet. I denne undersøkinga vert det sett nærare på innbyggjarane sine tankar heilt frå dei fekk vite om delinga, korleis dei ser på dagens situasjon og kva framtidskonsekvensar dei ser av dette på sikt. Formålet med oppgåva er også å undersøke korleis identitet og stadstilhørsle vert påverka av kommunedeling, og dette vil ligge som eit bakgrunnstepp gjennom heile oppgåva. Oppgåva si overordna problemstilling er dermed:

- Korleis vert identitet og stadstilhørsle påverka av kommunedeling?

1.2 Oppgåva si oppbygging

Denne oppgåva er delt inn i 6 kapittel. I dette første kapitlet vert problemstilling og forskingsspørsmål introdusert, samt bakgrunn for val av tema. I kapittel to vert bakgrunnen for kommunereforma og tilhøyrande deling av gamle Snillfjord kommune presentert, noko som tydeleggjer aktualiteten av problemstillinga. Kapittel tre handlar om relevant bakgrunnsteori og tidlegare forskning, og fungerer som det teoretiske rammeverket for analysa. Deretter vil det i kapittel fire visast kva metodisk framgangsmåte som er nytta. Her vises arbeidet med dei kvalitative intervjua gjennom både datainnsamling og etterarbeid med dette, samt etiske vurderingar som ligg til grunn. I kapittel fem blir dei empiriske funna analyserte, der datamaterialet vert diskutert med bakgrunn i teori. I den siste delen, kapittel seks, vert oppgåva runda av med ein konkluderande seksjon som oppsummerer og reflekterer rundt dei viktigaste funna knytt til problemstillinga. Det vert i tillegg lagt fram nokre tankar kring vidare arbeid.

2.0 BAKGRUNN

8.juni 2017 vart det vedteke at Snillfjord kommune skulles delast i tre og at kvar enkelt del skulle slåast saman med andre kommunar. Kommunereforma tredde i kraft 1.januar 2020 og Snillfjord kommune vart dermed historie. «Jeg er litt letta, folket fikk det slik de ville, og vi skal få det til. Nå er det bare å brette opp ermene for å forberede kommunesammenslåingene.» Dette uttalte ordføreren i Snillfjord, John Lernes, til Adressa etter vedtaket (Opheim, 2016).

2.1 Bakgrunn for kommunereforma

I juni 2014 slutta Stortinget seg til å gjennomføre ei kommunereform. Målet var å skulle gi meir makt og myndigheit til meir robuste kommunar. Kommunereforma er ei reform for å styrka lokaldemokrati, betra tenestetilbod og kunne yta meir rettmessig og effektiv forvaltning. Ei hensiktsmessig kommuneinndeling er avgjerande for å sikre og vidareutvikle velferdstenester og ei god lokal samfunnsutvikling. Eit sentralt utgangspunkt var å forenkle, fornye og forbetre styringa av og i kommunane (Prop. 95 S Kommunereform, 2015, s. 23). Kva oppgåver kommunane har ansvar for og kva fridom dei har i oppgåveløysinga, er viktigare for dei lokale sjølvstyra og for demokratiet enn talet på kommunar. Det vert stilt store krav til kommunane både med fleire oppgåver og auka ansvar (Prop. 95 S Kommunereform, 2015, s. 24).

Regjeringa har følgjande mål for reforma (Prop. 95 S Kommunereform, 2015, s. 29):


- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Det kan derfor vera av interesse å sjå på korleis identitet og tilhøyrsløse til innbyggjarane blir ivareteke gjennom samanslåingsprosessen. Ei utfordring med reforma kan også vere korleis ein skal balansere mellom det å skape økonomisk robuste kommunar og samtidig ta høgde for innbyggjarane sine ønsker om kommunestruktur. I tillegg er punktet om styrka lokaldemokrati noko som kan støyta på vanskar dersom innbyggjarar ikkje føler at dei har

moglegheita til å påverke utfallet av dei nye kommunestrukturane. Formåla med kommunereforma vil derfor bli nytta til å belyse oppgåva si problemstilling. Befolkningsutviklinga er i stor grad prega av ein sentralisering i den forstand at ein stadig større del av befolkninga lever i eller nær større bysenter. Ein konsekvens av ei samanslåing er ofte at dei administrative funksjonane vert sentralisert. Når det gjelder sentralisering av innbyggjarar som følgje av kommunesamanslåingane kan det hevdast at busetnad sentraliserast gjerne rundt dei nye kommunesentra, men desse funna er presentert med større usikkerheit. Usikre funn kan sjølvsagt vere ein konsekvens av at det har gått kort tid frå vedtaket i 2014 til proposisjonen i 2015. Vidare viser derimot forskning at innbyggjarane i små kommunar er meir nøgde med tilgangen til kommunale tenester enn innbyggjarane i større kommunar (Prop. 95 S Kommunereform, 2015, s. 39). Det vises også at kor tilfredse innbyggjarane er med tenestetilbodet ikkje nødvendigvis heng saman med kommunestørrelse, men er knytt til andre forhold som innbyggjarars alder og utdanningsnivå, samt kommunen si inntekt, der små kommunar ofte har høgare inntekter enn store (Prop. 95 S Kommunereform, 2015, s. 40).

2.2 Vedtak om å dele Snillfjord kommune i tre deler

Representantar frå Snillfjord kommune var tidleg tydeleg på at ei tredeling av kommunen var den riktige løysinga for kommunen. Snillfjord kommune utreda forslag til nye kommunegrenser, samt gjennomførte ein brei høyringsrunde. Det kom ikkje motførestillingar mot forslaga, og i april 2017 stilte eit samrøysta kommunestyre seg bak forslaget. Stortinget vedtok 8.juni 2017 at Snillfjord kommune skulle bli delt i tre og kvar enkelt del skulle slåast saman med andre kommunar. Ein del skulle slåast saman med Hemne kommune og Halså kommune og bli til Heim kommune. Den andre delen skulle slåast saman med og bli ein del av Hitra kommune. Den siste delen skulle slåast saman med Orkdal kommune, Agdenes kommune og Meldal kommune og bli til Orkland kommune. Dei nye kommunegrensene tredde i kraft 1. januar 2020 (Det kongelige kommunal og moderniseringsdepartement, 2018). Figur 1 viser dei tre delane av gamle Snillfjord kommune, samt forklarar kor områda har hamna etter vedtaket.



Figur 1: Snillfjord kommune vart som den einaste kommunen i landet delt i tre 1.1.2020. Eit område i nordvest går til Hitra kommune, eit område i sørvest til den nye Heim kommune, og det øvrige vert slått saman med nye Orkland kommune (Olsen Haugen, 2020).

3.0 TEORI OG TIDLEGARE FORSKING

I dette kapitlet vert det teoretiske rammeverket presentert. Både tidlegare forskning om kommunesamanslåingar og relevant bakgrunnsteori til oppgåva si tematikk vil dermed vera berebjelkane i denne delen. Enkelte nøkkelomgrep vert også framheva for å kunne diskutere problemstillinga angående identitet og tilhøyrse som følger av endringa i kommunestruktur. Innleiingsvis vil det bli trekt fram nokre erfaringar og moment frå tidlegare forskning som er relevante med tanke på prosessane rundt kommunesamanslåing, i tillegg til at relevante lover knytt til endringar i kommunestruktur blir presentert. Vidare vert det lagt fram ulike syn på omgrepa identitet og tilhøyrse, samt ulike forståingar av stadsomgrepet og korleis identitet og tilhøyrse kan sjåast i samanheng med stad. Avslutningsvis vert det sett på korleis viktige faktorar som fellesskap og relasjonar kan skildrast, før fokuset til slutt blir retta mot attraktivitetsomgrepet. Dette rammeverket er dermed fundamentet for å kunne drøfte og analysere funna i datamaterialet vidare i oppgåva.

3.1 Inndelingslova og forskning på tidlegare kommunereformer

Inndelingslova er ei lov som kan fastsetje og endre kommune- og fylkesgrenser. Formålet med inndelingslova er skildra som følgjande:

«Formålet med denne lova er å leggje til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innafor ramma av det nasjonale fellesskap kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelingar bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Verksemda etter denne lova skal byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar»
(Inndelingslova, 2001, § 1)

Vidare om innbyggjarhøyring står det at kommunestyret bør innhente synspunkt som innbyggjarane har på forslag til grenseendring. Innhenting av synspunkt kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte (Inndelingslova, 2001, § 10).

Det er dermed ikkje lovpålagt for kommunane å halde innbyggjararhøyringar i forbindelse med kommunesamanslåingar. Likevel viser det seg at ved frivillige kommunesamanslåingar har fleirtalet av kommunane valt å nytte seg av folkeavstemmingar for å få fram innbyggjarane sitt syn på saka. Det er uansett opp til kvar enkelt kommune om dei vel å nytte seg av metodar for å få fram innbyggjarane sine meiningar, og om dei vel å ta meiningane og ynskja til innbyggjarane i betraktning (Brandtzæg, 2014, s. 9).

Nordtug, Sand, Wendelborg og Aasetre (2004) peikar på fleire faktorar som bør bli tatt hensyn til og som kan vere viktige for å ivareta innbyggjarane sine kjensler av tilhøyrslø og identitet i ein kommunesamanslåingsprosess. Faktorar som å oppretthalde lokale tenestetilbod, nærleik til administrasjon og politikarar og kommunen si rolle i lokalsamfunnet sitt sosiale liv, er forhold som i følge denne artikkelen vil dempe det befolkninga ser på som truslar for si eiga tilhøyrslø til staden (Nordtug et al, 2004, s. 53).

I følge tidlegare forskning på området viser det seg at folk flest er opptekne av at staden dei bur skal få auka attraktivitet og ei positiv utvikling. Kommunesamanslåingar møter størst motstand i små distriktskommunar. Der vert det frykta at ei samanslåing kan føre til at det kommunen har av ulike godar kan bli reinska vekk og flytta (Brandtzæg, 2014, s. 17). Innbyggjarar bekymrar seg blant anna for mindre arbeidsplassar, mindre kommunalt engasjement i lokalmiljøet og lenger avstand til beslutningstakarar og nøkkelpersonar. Ein kan også sjå at det ikkje er nokon direkte kopling mellom innbyggjarane sine stadskjensler, stadsidentitet og kommunestruktur. Det vert framheva at det i mange tilfelle viser seg at folk føler meir tilhøyrslø til staden dei bur på enn kommunane. Likevel vart kommunane sett på som indirekte viktig for innbyggjarane sin identitet og tilhøyrslø gjennom sosiale interaksjonar (Nordtug et al, 2004, s. 53).

3.2 Lokalsamfunn

Omgrepet lokalsamfunn forbinder ein ofte med små områder som ligg under kommunenivå, slik som tettstader og bygder der eit kjenneteikn er at «alle kjenner alle». (Haugen & Villa, 2016, s. 18). Prosessar på overlokalt nivå, både nasjonalt og internasjonalt, som globalisering, sentralisering og urbanisering påverkar også små lokalsamfunn. I politikken har det vore brei einsemd om å skulle sikre likeverdige levekår i heile landet og oppretthalde busetnadsmønsteret, der det er ynskjeleg å spreie befolkninga over heile landet. Kommunereforma er eit døme der politikarane ynskjer å sikre like velferds- og tenestetilbod

ved å danne større og meir robuste kommunar. I svært mange tilfellet møter denne tankegangen motstand då ein på lokalt nivå fryktar at kommunereforma vil føre til at dei som bur på små stadar mistar politisk innflytelse (Haugen & Villa, 2016, s. 19).

Lokalsamfunnet er ein stad som er viktig for dei aller fleste. Sjølv om fleire og fleire kan skildrast som globale og mobile verdsborgarar, foregår livet til dei aller fleste i lokale miljø. Livet utspelar seg i dei fleste sitt liv som ei rekkje kvardagar på staden ein bur på (Berg, 2016, s. 34). Sjølv om verda blir meir og meir samanbunden, vil kvardagslivet til folk likevel vere den største delen av livet. Den viktigaste forma for sosial interaksjon er ansikt til ansikt-kontakt med andre i nærområdet. Heimen og lokalsamfunnet er ein stad som har stor betydning i dei fleste menneske sine liv (Berg & Dale, 2009, s. 48). Innbyggjarane i lokalsamfunn har ulike oppfatningar av staden dei bur på. Dei fleste innbyggjarane kan vise til både positive og mindre positive sider av staden (Berg, 2016, s. 38).

For å gjennomføre ein kommunesamanslåing med suksess framhevar Distriktssenteret (2014) at i små lokalsamfunn er inkludering av innbyggjarar i sjølve prosessen ein viktig suksessfaktor. Innbyggjarmedverknad vert framheva som ein av suksessfaktorane i kommunesamanslåingsprosessane, saman med lokalt leiarskap. For å skape suksess i ein slik prosess er det i følgje denne rapporten viktig å informere innbyggjarane om kva dei vil miste, kva dei kjem til å behalde, kva som kjem i staden for og kva som vert nytt. I tillegg er det viktig å ha ein open og inkluderande kommunikasjon, der argument for og mot vert drøfta. Å inkludere innbyggjarane er viktig for å skape engasjement, dekkje informasjonsbehov og mogleggjere at veljarane gjer seg opp ein kvalifisert meining (Distriktssenteret, 2014, s. 4).

3.3 Stadstilhørsle og stadsidentitet

All identitet er danna på grunnlag av sosiale, kulturelle og/eller fysiske skilje mellom «oss» og «dei andre». Identitet står på denne måten i sentrum for vår kjensle av tilhørsle, og den gir ei kjensle av å eksistera naturleg i eit individ, i ei befolkning eller i eit område (Frisvoll & Almås, 2004, s. 5). Om ein føler seg tilknytt eller ei til ein stad kan ha mange ulike årsaker. Ofte handlar det om kven eller kva som høyrer heime ein stad, og kva som ikkje gjer det. Diskusjonane kring temaet rettar ofte søkelyset mot korleis det vert erfart å ikkje høyre til og kvifor, samt når tilhørsle ikkje oppstår eller vert opplevd (Berg, 2016, s. 40). Også materielle forhold er nært knytt til stadstilknytning, som til dømes bustad, jobb, bygdemiljøet, natur og friluftsliv. Stadstilknytning vert ofte kopla til lang butid og røter, men slik treng det ikkje å vere. Andre faktorar som kan bidra til at ein føler seg nært knytt staden kan vere interesse for

familien sin eller staden sin historie, og at ein på den måten ser koplingar mellom fortid og notid. Mange vel også staden dei vil bu på etter kva livsstil dei har, og på den måten vel at dei skal høyre til den valte staden (Berg, 2016, s. 42-43).

Omgrepet identitet er svært sentralt og viktig å nytte seg av når koplinga mellom menneske og stader skal illustrerast. Dette fordi menneske og stader utviklar identitet i samspel med kvarandre (Berg & Dale, 2009, s. 49). Identitetar vert alltid skapt og atskapt i eit komplekst samspel mellom minner frå fortida og element og hendingar frå notida. Minner og kor tilknytt ein er staden vil henge saman (Berg, 2016, s. 44). Relph (1976) fokuserer på menneska sin identitet i samband med stad, og skil mellom «identity of a place» og «identity with a place». Med «identity of a place» refererer han til stadens eigenart, og det som skil denne staden frå andre stader. Den vedvarande stadsidentiteten vert skildra med tre element: den fysiske konteksten, aktivitetar og hendingar der, samt meiningar og oppfatningar som vert forma gjennom erfaring med staden. «Identity with a place» handlar om kvart enkelt individ og grupper sine kjensler av tilknytning til ein stad (Relph, 1976, s. 45). For Relph (1976) blir «ein stad» først til stad når rommet vert tillagt meining. Rom må derfor erfarast og erkjennast, og først då kan menneske knytte seg sjølv og sine liv til stader. I følgje Giddens (1991) handlar livet om å skape seg sjølv og sin posisjon i samfunnet, der identiteten til mennesket er nært knytt til sjølv livet. Identiteten må skapast og haldast ved like gjennom heile livet. I ei slik verkelegheitsforståing kan ein dermed seie at vi som menneske ikkje er den vi *er*, men snarare den vi skapar oss til. Tid og rom er sett på som viktige reiskapar i forståinga av identitetsprosessen. Faktorar som utdanning, arbeid og bustad er dermed døme på kva som er med på å skape identitet (Giddens, 1991).

Fleire tidlegare undersøkingar kring kommunesamanslåing har vist at tilhøyrsla til lokalsamfunnet er sterkt, medan tilhøyrsla til kommunen er mindre sterk. Dei materialistiske godane i eit lokalsamfunn er nært knytt til identiteten og tilhøyrsla til innbyggjarane, og dermed vil innbyggjarane si tilhøyrsla til staden vere ein indirekte faktor som kan påverke samanslåingsprosessen. Bolkesjø og Brandtzæg (2005) forklarar dette ved at når innbyggjarane er redde for å miste tenestetilbodet skuldast dette gjerne at dei er redde for at ei kommunal teneste dei nyttar seg av skal bli lagt ned i deira nærområde. Dette kan igjen føre til at dei opplever dårlegare tilgjengelegheit til tenesta. Ein annan faktor kan vera at dei er redd for at dette samtidig svekker det lokale senteret, altså det lokale tilhøyrlepunktet. Det er ved dette lokale senteret dei møter folk dei kjenner, kjenner seg like med, kommuniserer med

og føler nærleik til. Dersom det at kommunesenteret vert lagt ned fører til ei generell svekking av det lokale senteret, vil derfor innbyggjarane oppleve at noko av den lokale tilhøyrsla forsvinn, sjølv om denne tilhøyrsla også gjerne inneheld andre element som til dømes historiske og kulturelle identitetar (Bolkesjø og Brandtzæg, 2005, s. 38).

3.4 Interaksjon, identifikasjon og institusjonalisering

Frisvoll og Almås (2004) viser til tre omgrep som er viktige å diskutere dersom ein studerer kva betyding identitet og tilhøyrsla har i kommunesamanslåingsprosessar, nemleg identiteten sine tre I-ar- interaksjon, identifikasjon og institusjonalisering.

Frisvoll og Almås (2004) refererer til interaksjon når det er snakk om samhandling mellom menneske som krev at menneske må reise. Kvar menneske bur, kvar dei arbeider og kvar dei handlar ligg innanfor dette omgrepet. Sentralt er vilja menneske har til å flytte på seg for å arbeide og handle. Befolkninga sin mobilitet har auka, og i dagens samfunn reiser vi oftare og lenger enn vi gjorde før. Ei av årsakene er at sentrums plassane har auka og vokse, og får dermed fleire innbyggjarar frå ulike kantar til å kome dit for å arbeide og handle. Mange av kommunane sine oppgåver føreset samhandling mellom menneske som krev reising, slik som besøk på NAV, helsetenester, aldersheimar og liknande. Nokre typar tenester er meir følsame for sentralisering enn andre, samt at det er ulike behov for nærleik mellom teneste og brukarar. Befolkninga sin interaksjon kan setje dei administrative grensene under press (Frisvoll & Almås, 2004, s. 6-7).

Identifikasjon er det som ligg til grunn for identitet, og er sjølv kjerna i skiljet mellom «oss» og «dei andre» og viser til element som ein kjenner seg igjen i og som fører til ei kjensle av tilhøyrsla og samhald på heimstaden, dette kan til dømes vere landskapet i eller bygningar på heimstaden. Ofte vert det snakka om at danninga av tilhøyrsla går svært sakte, og at det kan gå over generasjonar. Elementa som er atkjennbare vert kalla for identifikasjonsfyrtårn og er symbol og anna felles som signaliserer tilhøyrsla og samhald blant innbyggjarane i kommunen. Slike fyrtårn er med på å oppretthalde skiljet mellom «oss» og «dei andre». Det siste omgrepet, Institusjonalisering, fortel noko om korleis nye kommunar veks fram og vert etablert som ein naturleg eining for befolkninga. Dersom den daglege samhandlinga vert gjenteken over tid, vil dette skape ei kjensle av tilhøyrsla med dei ein samhandlar med og dette vil føre til ei kjensle av å høyre saman til tross for kommunegrensene. Dei tre I-ane heng

tett saman og det vil vere vanskeleg å skilje dei i frå kvarandre i praksis (Frisvoll & Almås, 2004, s. 7-10).

3.5 Stad som «location», «sense of place» og «locale».

For å kunne forstå korleis identiteten og tilhørsla til innbyggjarane vert påverka av kommunedelinga, er det viktig å forstå kva staden symboliserer for dei. Sjølv omgrepet kan ha ulike dimensjonar knytt til seg, og dermed gi grunnlag for ulike tolkingar. Agnew (1987) referert i (Berg & Dale, 2009) poengterer at omgrepet «stad» kan bli forstått ut i frå dei tre hovudforståingane «location», «sense of place» og «locale». Omgrepet «location» vert først og fremst assosiert med det økonomiske aspektet der stader vert vurdert ut i frå kva geografisk plassering dei har. Staden vert vurdert ut i frå dei ressursane den har, som til dømes råvarer, klima, infrastruktur, arbeidskraft til marknadsforhold, bustadprisar og barnehage tilbud. Ei slik skildring held seg til stad på ein objektiv «utanfrå-skildring» (Berg & Dale, 2009, s. 41). Den andre forståinga, «sense of place», legg vekt på den indre, subjektive, opplevelsesmessige dimensjonen ved ein stad og byggjer på korleis aktørane subjektivt sett oppfattar og tolkar stadane (Berg & Dale, 2009, s. 42). Også erfaringar og kjensler som er knytt til ein stad er med på å skape identitet. Tilknytning til stad gir ei grunnleggjande kjensle av tryggleik og sikkerheit, og dannar grunnlag for vår sjølvidentitet (Berg & Dale, 2009, s. 43). Den siste stadsdimensjonen, omgrepet «locale», vert skildra som ein slags møteplass der forskjellige individ sine kvardagsaktivitetar kryssar kvarandre i tid og rom, til dømes eit universitet eller eit kjøpesenter. I denne forklaringa hentar Agnew (1987) sterk inspirasjon frå Giddens sin strukturasjonsteori. Stad forstått som «locale» vert forma gjennom sosial praksis, altså rutineprega aktivitetar som kjenneteiknar kvardagslivet både i heim, skule, arbeidsliv osv. Samstundes som «locale» refererer til interaksjon mellom menneske, anvending og praksis, er det også nært knytt opp mot strukturer. Strukturer for Giddens er noko som er direkte involvert i ei handling, og som både avgrensar og muliggjer handling. Strukturar gir vilkår for menneskeleg handling, samstundes som dei er eit resultat av menneskeleg handling. Dette vert kalla strukturens dualitet. Stader endrar seg kontinuerlig som følge av menneske sine aktivitetar, samtidig som staden også påverkar desse aktivitetane. Menneske og stader påverkar kvarandre gjensidig, og menneske som bur på same stad antas å utvikle tilnærma like måtar å oppleve staden på. Ein stad får betydning gjennom dei menneska som lever der og deira aktivitetar, institusjonar og idear. Stadstilknytning vert dermed eit kollektivt fenomen (Berg & Dale, 2009, s. 44).

3.6 Fellesskap, relasjonar og nettverk

I kjerna av kva ein kommune er, står «fellesskap» sentralt. Ein kommune er organisering av fellesskap med geografisk forankring, der grenser, symbol som identifiserer, og den geografiske inndelinga vert anerkjent både av dei som bur i kommunen og dei som ikkje bur der (Frisvoll, 2016, s. 237-238). Menneske er avhengige av andre, både for å fungere som enkeltindivid og for å fungere innad i mindre grupper og i samfunnet som heilskap. Ein kan oppleve kjensler av fellesskap og tilhørsle på fleire nivå. På mikronivået nære relasjonar ei viktig rolle som familie og venner. På mesonivået står aktiviteter i nærområdet sentralt, slik som arbeidslivet, frivillige organisasjonar og aktiviteter i lokalsamfunnet. På makronivået er vi ein del av nasjonen, både juridisk og kulturelt. Sosial interaksjon er viktig for å kunne danne eit fellesskap. Gjenteke sosial interaksjon vil føre til at fellesskapet vert meir varig og stabilt. Stabilitet er viktig for å skape forutsigbarheit og samarbeid i det sosiale liv (Schiefløe, 2011, s. 333). I sosiologisk tradisjon har merksemda ofte blitt retta mot lokale fellesskap som omfattar dei tre eigenskapane: felles bustad, tilhørsle og samhald (Schiefløe, 2011, s. 374). Tönnies omgrepsspar *Gemeinschaft* og *Gesellschaft* har stått sentralt i denne diskusjonen.

Tönnies (1957) skildra skilnadane mellom det rurale og det urbane samfunnet. Det tradisjonelle samfunnet blir her omtala som eit fellesskap der sosiale relasjonar var basert på lojalitet og samhald (*Gemeinschaft*). Dei sosiale interaksjonane var dermed av personleg karakter og bygde på kjenslemessige tilknytningar. Dette vert gjerne omtala som «naturleg vilje», i motsetnad til dei meir «rasjonelle» og upersonlege relasjonane som ein fann i det moderne bysamfunnet (*Gesellschaft*). Dei personlege relasjonane i *Gemeinschaft* er gjerne forbunde med det typiske føydale systemet, der berre personar av same rang identifiserte seg med kvarandre, og dermed kunne bygge relasjonar basert på kjensler og nærleik mellom menneske. Denne forma for relasjonar finn ein også att i familien, blant vener eller i små lokalsamfunn. *Gemeinschaft* er dermed knytt til det naturlege, det som kjennes trygt og stabilt. Relasjonane i *Gesellschaft* er på den andre sida meir framandarta og kunstige. Desse upersonlege relasjonane har gjerne sitt utsprang frå pengar, og meir forretningsmessige relasjonar er derfor eit typisk døme på *Gesellschaft* (Tönnies, 1957). Ein forbind *Gemeinschaft* gjerne i hovudsak med livet i jordbruksamfunnet, der folk flest budde i små, stabile og oversiktelege lokalsamfunn. *Gesellschaft* er knytt til framveksten av det moderne samfunnet med store byar, industri, lønnsarbeid og omfattande endringar i samfunnet sin struktur og organisering, drive fram av den kapitalistiske økonomien (Schiefløe, 2011, s. 374).

Giddens (1991) skildra korleis moderniteten har vore med på å påverke kvardagslivet til menneska. Moderniteten står i kontrast mot dei tradisjonelle og etablerte rutinane og praksisane som menneska tidlegare hadde. Med moderniteten følgjer globaliseringa som gir konsekvensar og forandringar som alle er nøydd til å ta ein del av. Giddens viser til globale risikoar som atomkrig og naturkatastrofar, men det er mange andre aspekt som ein finn på mindre nivå i samfunnet som kan utgjere store forandringar for kvardagslivet til menneska. Menneske som lev liva sine utanfor dei kraftigaste og mest utvikla område i verda, vert også påverka av moderniteten og globaliseringa som følgjer. I desse områda påverkar og forandrar moderniteten kvardagslivet frå slik det var før (Giddens, 1991). Denne utviklinga gjeld også i høgste grad i Noreg i dag. Vi ser ei utvikling mot større og meir robuste kommunar. Vi ser ei generell tendens at mykje går frå det rurale til det urbane, dette ser vi både i busetnadsmønster og i funksjonar og tenester. På denne måten vert dei små lokalsamfunna meir avhengige av dei større tettstadane i nærleiken.

Stadstilhøyrslar og samhøyrslar med dei som bur der er sjølve fundamentet for å kunne utvikle gode og trygge lokalsamfunn. Gjennom relasjonar med andre, både i skule, arbeidsliv eller ulike verv, dannar vi menneske grunnleggande verdiar som tillit og samhøyrslar. Dette er faktorar som bidreg til det Bourdieu (1986) omtalar som sosial kapital. Sosial kapital dreier seg gjerne om eigenskapar ved organiseringa av samfunnet, som til dømes nettverk, normer og tillit (Bourdieu, 1986, s. 248-249). Slike eigenskapar er grunnlaget for samarbeid for felles nytte. Slik sosial kapital kan også gjelde for større geografiske områder, som til dømes kommunar. Regionar der nabokommunar pregast av konflikhtar vil dermed ha svak sosial kapital, medan godt naboskap vil tilsvarende vera ein styrkande faktor. I skildringa av ulike kapitalar legg Bourdieu (1986) også fram økonomisk og kulturell kapital. I det tradisjonelle samfunnet var den sosiale kapitalen kanskje den viktigaste faktoren for val av bustad, gjerne på grunn av gamle sosiale relasjonar. Med framveksten av det moderne bysamfunnet vel gjerne menneska i større grad enn tidlegare tilhøyrslar på bakgrunn av den økonomiske og kulturelle kapitalen, slik som livsstilsflytting (Berg, 2016, s. 43). Dermed kan folk velje ein stad å bu fordi staden og dei som bur der passar identiteten og livsstilen ein sjølv har. Denne grunnleggande skilnaden mellom ulike typar av stadstilhøyrslar har dermed gjerne ein funksjonell eller emosjonell forankring (Vestby & Skogheim, 2014). Den funksjonelle har nærast samanheng med den økonomiske og kulturelle kapitalen, der tilhøyrslar utviklast gjennom at staden dekkjer spesifikke behov og konkrete funksjonane som skule, arbeid og bustad. Felles for desse er at dei gjerne kan dekkast frå ulike stadar. Dette er i motsetnad til

den emosjonelle stadstilhøyrsla, som er nærare knytt til den sosiale kapitalen. Her spelar dei sosiale relasjonane ei viktig rolle, og det handlar om å føle seg som ein del av ein større samanheng. Særleg er det sterke kollektivet og tilhøyrsla til andre menneske på staden det sentrale for denne forma for stadstilhøyrsla (Vestby & Skogheim, 2014, s. 5-6).

Nettverksrelasjonar og utveksling av godar er ressursar både for individ og samfunn i alle tider. I lokal kultur er sosial kapital ein ressurs gjennom utvikling av felles verdiar og normer. I eit lokalsamfunn der innbyggjarane er godt kjent, er det lettare å gå saman for å ivareta felles interesser. For å styrke sosiale relasjonar og nettverk er det viktig å synleggjere og heve dei aktivitetane som finnes i lokalsamfunnet, slik som frivillig arbeid, musikkorps, idrett og politiske organisasjonar. Ei oppslutning rundt nærmiljøet sine aktivitetar vil kunne skape sosiale nettverk, som igjen kan stå for rekruttering av nye medlemmar (Schiefløe, 2011, s. 378-379).

Putnam (2000) framhevar også viktigheita av slike nettverksrelasjonar. Desse kjem til uttrykk i samfunnet gjennom ei generalisert gjensidigheit og avhengigheit, samt generell tillit til innbyggjarane i lokalsamfunnet. Denne forventninga om at alle innbyggjarane gjensidig stiller opp for kvarandre bidreg til å vere ein motivasjon til å yte det beste for fellesskapet. I tillegg vil ein høg grad av tillit føre til at det vært lettare å samhandle med kvarandre. Dette gir grunnlag for engasjement i samfunnet og ei kjensle av eit kollektivt ansvar. Eit slikt kollektivt ansvar er ein føresetnad for sosial integrasjon og skapar også ei kjensle av tilhøyrsla. Eit av hovudpoenga i forskinga til Putnam (2000) er at den kollektive sosiale kapitalen er i ferd med å smuldre opp, og at samfunnet er i ferd med å bli meir utrygt og individualisert (Putnam, 2000; Schieflo, 2011, s. 379).

3.7 Attraktivitet

Attraktivitet er eit sentralt omgrep i lokalsamfunnsforskinga, og omhandlar kva som er viktig og ynskjeleg for aktørane som til dømes fastbuande, innflyttarar og turistar med fleire. Det vert sagt at vi lev i ein tidsalder der mobilitet spelar ei sentral rolle. Dagens samfunn gjennomgår store endringar kjenneteikna av informasjonsteknologi, globalisering og framvekst av nye måtar å organisere samfunnet på. Dette kan vere med på å påverke korleis lokalsamfunn endrar seg og utviklar seg på sosiale, kulturelle og økonomiske plan. Endringar i mobilitet påverkar også dei som må pendle til arbeidsplassen gjennom at ny og moderne kommunikasjonsteknologi delvis avskaffar behovet for at ein må vere til stades i ein del

arbeidssamanhengar. Dette kan gjere det mogleg å kunne bu i ein kommune og arbeide i ein annan (Lysgård & Cruickshank, 2016, s. 95-97). Sjølv om det finnes faktorar som kan gjere det meir attraktivt å bu i rurale strøk, som til dømes moglegheita til å pendle til større tettstader for å arbeide, er det attraktiviteten og omdømme til sjølve lokalsamfunnet, og dermed stadsidentiteten det ofte er diskusjon om. Stadsidentiteten omhandlar kva og kven som høyrer til på staden, og lokalsamfunnet utgjer først og fremst eit økonomisk, kulturelt og sosialt fundament for innbyggjarane sitt kvardagsliv (Lysgård & Cruickshank, 2016, s. 97). I ein liknande studie vert det kjent at innbyggjarar reagerer sterkt på ei mogleg nedlegging av tenestetilbodet i kommunen, som til dømes nærbutikk eller viktige funksjonar, der frykta for at dei vert buande i ein utkant utan tenester er sterk då dette også kan svekke attraktiviteten (Frisvoll, 2016, s. 249-250).

Ein annan viktig faktor for at ein stad skal opplevast som attraktiv er oppvekstmoglegheitene til barn og unge. Gjennom at barn deltek i barnehage, skule og organiserte fritidsaktivitetar vert foreldre samla saman. Dette fører til at dei vert betre kjente med kvarandre i lokalmiljøet gjennom dei pliktene, forventningane og den dugnadsinnsatsen som følgjer med det å ha barn i eit lite lokalsamfunn (Aarsæther, 2016, s. 143). Det å slå saman eller leggje ned skular påverkar ikkje berre barn si utdanning, men også heile lokalsamfunnet. Aktivitetar knytt til skulen vert flytta frå nærområdet der lokale innbyggjarar møtes, til større tettstadar der det er større skular. Dette kan dra med seg ulemper både for elevane og dei andre innbyggjarane i lokalsamfunnet. For elevane må ein rekne med at reisevegen, og dermed skuledagen, vert lenger. Dette kan føre til at elevane har mindre tid og energi å bruke i nærmiljøet på ettermiddag og kveld. På den positive sida vil truleg elevane få eit større nettverk og fleire klassekameratar. Dersom lokalsamfunnet mistar skulen kan det også føre til at familiar vel å flytte nærare den nye skulen til barna. Meir pendling, færre barn i bygda og mindre lokalt samhold kan vere nokre av grunnane til at familiar vel å flytte. På sikt kan skulenedleggingar føre til at lokalsamfunn er mindre attraktive for tilflytting, og dermed føre til ei negativ utvikling. Tidlegare forskning på skulenedleggingar viser at skulen er limet som knyter bygda i hop, og dersom dei mistar skulen, ser informantar for seg at det som er igjen etterkvart vil forsvinne som ein dominoeffekt. Skulen er viktig å ha, samt avgjerande for at lokalsamfunnet skal oppretthalde attraktiviteten sin (Villa, 2016, s. 178-187).

3.8 Teoretisk oppsummering

I dette kapitlet har det teoretiske fundamentet for vidare analyse blitt presentert. Tidlegare forskning om kommunesamanslåingar har vore relevant for å belyse sentrale funn frå liknande prosessar. Denne delen har også tatt for seg gjeldande lovverk og reglar, slik at biten som omhandlar sjølve prosessen med kommunedelinga kan bli forstått på eit grundigare plan. Eg har sett på korleis omgrepa identitet og tilhøyrslø kan koplest mot stad, og også korleis sjølve stadsomgrepet kan tolkast på ulike måtar. Dette er relevant for å kunne avdekke kva ulike dimensjonar informantane legg i assosiasjonane til staden dei bur på. På denne måten kan ein lettare kunne fange dei kjenslene som oppstår når det blir gjort strukturelle endringar ved kommunegrensene. Avslutningsvis har det blitt belyst på kva måte attraktivitet spelar inn i synet på lokalsamfunnet. Dette vil kunne bidra til å nyansere korleis innbyggjarane ser på attraktiviteten til staden etter delinga, og for å kunne forstå kva framtidskonsekvensar endringar kan ha på sikt. Med dette rammeverket vil eg dermed kunne sjå nærare på korleis identitet og tilhøyrslø vert påverka av ei endring i kommunestrukturen.

4.0 METODE

I dette kapitlet vert det gjort greie for dei metodiske vala som er gjort gjennom forskingsprosessen. Vidare vil prosjektet sitt utval bli presentert. Deretter vert momenta knytt til datainnsamlinga forklart, der prosessen med å utforme intervjuguide og korleis intervju vart gjennomført vert skildra. Vidare blir det vist korleis det resulterande datamaterialet vart behandla, etterfølgt av ein diskusjon kring studiets kvalitet basert på pålitelegheit, gyldigheit og generaliserbarheit. Avslutningsvis vil dei etiske vurderingane gjort i forbindelse med prosjektet bli diskutert.

4.1 Val av metode

Formålet med denne studien er å få innsikt i innbyggjarar sine opplevingar med kommunedeling og kommunesamanslåing, samt kva rolle dette spelar for identiteten og tilhøyrsla innbyggjarane har til den gamle kommunen sin. Sidan eg ønsker å komme meir i djupna på kva kjensler og opplevingar informantane sit med, vurderer eg at ei kvalitativ tilnærming er det mest hensiktsmessige å bruke i denne samanheng. Ein brukar bestemte vitenskaplege metodar for å skaffe seg kunnskap. Metoden er verktøyet som gir oss framgangsmåten til å knyte saman teori med temaet og empirien ein studerer (Thomassen, 2016, s. 63). Ved å nytte meg av ei kvalitativ tilnærming vil eg kunne gripe tak i informantane sine tankar, meiningar og haldningar, og dermed få ei djupare innsikt kring temaet. I kvalitativ forskning studerer ein i djupna i staden for i breidda, og det er ynskjeleg å få god kunnskap ut i frå få informantar (Krumsvik, 2015, s. 21). I denne samanhengen har eg valt å nytte meg av djupneintervju som forskingsmetode.

Djupneintervju vert brukt når ein ynskjer å studere meiningar, haldningar og erfaringar, og der forskaren ynskjer å forstå informantane sine opplevingar samt korleis informanten reflekterer kring dette (Tjora, 2012, s. 105). I forbindelse med oppgåva sitt tema meiner eg at kvalitative intervju vil vera fruktbart då eg ynskjer å få innsikt i informantane sine tankar og erfaringar. På grunn av temaet sitt omfang, og at det har vore lite forskning på dette området, fann eg det mest hensiktsmessig å nytte meg av halvstrukturerte intervju. Denne typen intervju er blant dei vanlegaste innanfor kvalitativ forskning, der ein intervjuguide er utarbeida i forkant som eit utgangspunkt for intervjuet, medan spørsmålsstilling, tematisering og rekkefølge kan varierast. Ved bruk av halvstruktuerte intervju kan eg gå fram og tilbake i intervjuguiden alt ettersom kva informantane snakkar om. På denne måten er eg fleksibel til å

kunne variere kor i intervjuguiden eg er, dersom det dukkar opp nye spennande perspektiv undervegs i intervjuet (Tjora, 2012, s. 135).

4.2 Utval og rekruttering av informantar

Med bakgrunn i forskingsprosjektet “Deling av Snillfjord” har utveljinga av informantar vore strategisk. Hovudkriteriet var at informantane er innbyggjarar i gamle Snillfjord kommune. I tillegg ønska eg meg spreining i alder og kjønn for at informantane skulle representere innbyggjarane si meining på ein heilskapleg måte. I rekrutteringsfasen fekk eg god hjelp av ein kontaktperson i Snillfjord kommune som letta arbeidet med sjølve rekrutteringa. Denne kontaktpersonen både arbeider og bur i gamle Snillfjord kommune, og kjenner dei fleste i kommunen. Personen jobbar i administrasjonen på rådhuset, og har hatt rolla som bindeledd mellom prosjektgruppa og informantane. Gjennom kontaktpersonen fekk eg tilgang på namn og telefonnummer til potensielle informantar.

At ein kontaktperson med god kjennskap til kommunen og innbyggjarane har sendt meg ei liste over aktuelle informantar kan i tillegg til å vere veldig nyttig også ha sine bakdelar. Kontaktpersonen kan ha vore selektiv, og berre valt å sende meg kontaktinformasjonen til informantar hen trur kunne passe til prosjektet. Eventuelt kan kontaktpersonen ha valt innbyggjarar ut i frå sitt eige synspunkt, eller valt å ikkje gi kontaktinformasjonen til andre som har ei anna meining enn seg sjølv. Dermed kan kontaktpersonen ha fungert som eit filter eller portvakt som har unngått å ta med visse innbyggjarar i kontaktinformasjonen, noko som kan ha ført til at fleirtalet av informantane deler same syn. Dette er nyttig å nemne for å sikre transparens i oppgåva (Tjora, 2012, s, 216).

Etter at eg fekk kontaktinformasjon av kontaktpersonen sendte eg ut tekstmeldingar til informantane fortløpande, der eg skreiv kort om prosjektet og kva deltakelsen ville innebera. Responsen var god og etter nokre få dagar hadde dei fleste informantane svart på meldinga, der fleire hadde eit ynskje om å delta på intervju. Dei som ikkje ønska å delta på intervju grunna det med dårleg tid, at dei jobba mykje og dermed ikkje ville ta seg tid, eller at dei synes at intervjuet verka for omfattande. Etter rekrutteringsrunden enda eg opp med åtte informantar. Når eg var i Snillfjord var det ein ekstra person som hadde eit ynskje om å bli intervjuet. Dermed enda eg opp med totalt ni informantar, der fire var menn og fem var kvinner. Felles for dei alle er at dei bur i geografiske området som tilsvara gamle Snillfjord kommune. Fleire av personane har også erfaringar med å ha arbeidsplassen sin innanfor

kommunen, samt å vere med på aktiviteter på fritida som går føre seg i kommunen. Dei fleste er innfødde i kommunen, medan nokre har flytta til Snillfjord etter å ha budd andre stader først. Eg har gitt informantane fiktive namn for å sikre anonymisering. I tabell 1 er ei oversikt over dei fiktive namna bukt på informantane, samt deira tilhøyrande nye kommune etter delingsprosessen. Gjennomsnittsalderen på informantane ligg mellom 50 og 60 år.

Informantar	Ny kommune
Henrik	Hitra
Nora	Orkland
Sofie	Hitra
Sara	Orkland
Maja	Orkland
Hanna	Orkland
Jakob	Heim
Oskar	Orkland
Isak	Orkland

Tabell 1: Oversikt over informantnamn nytta i oppgåva og tilhøyrande ny kommune.

Som ein kan sjå frå oversikta, høyrer heile 6 av 9 informantar til det som no er Orkland kommune. Dette kan ha ei naturleg forklaring sidan størstedelen av gamle Snillfjord gjekk over til Orkland. Val av intervjustad kan også ha spelt ei rolle, då begge dei to stadane intervjuar fann stad ligg i det som no er Orkland. Likevel kan ei så stor geografisk overvekt av informantar gi utfordringar ved å fange essensen av kva innbyggjarane frå heile Snillfjord har opplevd kring kommunedelinga. Innbyggjarar frå alle dei tre nye delane er derimot representerte i datautvalet.

Faktorar som tid og stad viste seg å vere utslagsgivande for talet på informantar i studien. Nokre av informantane kunne møtast når som helst, men det var berre aktuelt å møtast i bestemte bygder. Dette blei forklart blant anna med lang reiseveg og bomkostnader. Andre informantar hadde berre moglegheit til å møtast etter arbeidstid, men der møtestad ikkje

hadde så mykje å seie. Derimot var det ein dag som passa for alle informantane. Dette førte til at dei ni intervju vart gjennomført same dag, der første halvdel av dagen gikk til intervju på eit møterom på kommunehuset på Krokstadøra (kommunesenteret i gamle Snillfjord kommune), der informantane kom til avtalt klokkeslett. Siste halvdel av dagen gikk til intervju på ein kafé på Orkanger som er næraste tettstad og sentrum for mange av innbyggjarane. Ni intervju på ein dag var ikkje ynskjeleg då det kan verta travelt og utmattande. Ein kan til dømes bli mindre opplagt i løpet av dagen, samt få mindre sjanse til å førebu seg til neste intervju. På tross av dette verka det som at datamaterialet var innhaldsrikt og heldt god kvalitet uavhengig av gjennomføringstidspunkt, slik at det sannsynlegvis ikkje hadde hatt stor innverknad om eg heller hadde gjennomført intervju over fleire dagar. Eg snakka med informantane og hørde etter korleis tidspunkt som passa for dei og sette opp ein tidsplan ut i frå det. Det kravde god planlegging, der eg satt av cirka 60 minutt til kvar informant. Nokre intervju var kortare enn oppsett tid, og alle informantane møtte til avtalt tid. Med andre ord fungerte tidsplanen godt.

4.3 Datainnsamling

4.3.1 Intervjuguide og pilotintervju

Etter å ha bestemt meg for mastertema innanfor prosjektet byrja eg å utforme ein intervjuguide (sjå vedlegg). Intervjuguiden vart utgangspunktet for intervjusituasjonen då dette ofte er noko som skapar ein atmosfære av seriøsitet for informantane, sjølv om ein ved bruk av halvstrukturerte intervju ikkje er spikra til intervjuguiden gjennom heile intervjuet. Likevel bør ein ha i bakhovudet at informantane som stiller opp på eit intervju, forventar å svare på intervjuaren sine førehandsoppsatte spørsmål, snarare enn å snakke om laust og fast i ein times tid. Etter å ha gjennomført nokre intervju er det vanleg at intervjuar får intervjuguiden “under huden” (Tjora, 2012, s. 135). Dette var merkbart berre etter nokre få intervju, der dei resterande intervju kjentes meir frie for meg som intervjuar. Dette merkast ved at det vart enklare å stille oppfølgingsspørsmål, samt la informantane snakke meir laust om det som engasjerte dei.

I den første delen av intervjuguiden var det spørsmål kring informantane sin bakgrunn og kjennskap til gamle Snillfjord kommune som råda. Dette var for å få kartlegge informantane i form av kvifor dei bur der og korleis det er å bu der. Hensikta med dette var å få kjennskap til og ei oversikt over informantane. Vidare er intervjuguiden delt inn i ulike tema, der tankar, meiningar og haldningar rundt prosessen med kommunedeling er eit av temaa, medan

identitet og tilhørslse er eit anna tema som tek stor plass seinare i intervjuguiden. Eg forsøkte å formulere spørsmål som kunne opne opp for at informantane kunne dele erfaringar og reflektere rundt temaet. Spørsmål som “kvifor følte du det slik?”, og “kan du gje eit døme på det?” kan verke noko pågåande og kunstig i enkelte samanhengar, men å stille slike oppfølgingsspørsmål er viktig for å kunne heve kvaliteten på intervju, og er eit av intervjuaren sine privilegium i ein slik intervjusituasjon (Tjora, 2012, s. 136).

Før eg starta innhenting av datamateriale gjennomførte eg eit pilotintervju med ein kjenning for å teste intervjuguiden. I etterkant av pilotintervjuet fekk eg tilbakemeldingar på korleis både intervjusituasjonen og spørsmåla hadde vore, samt at eg fekk ein peikepinn på kor lang tid intervjuet tok. Saman fann vi ut at nokre av spørsmåla hadde noko krunglete formuleringar, og at eg burde endre på disse slik at det ikkje vart vanskeleg for informantane å forstå kva eg meinte. Nokre spørsmål likna også på kvarandre, noko som førte til at informanten omtrent svara det same som på tidlegare spørsmål. Gjennom pilotintervjuet fekk eg også tips til kva oppfølgingsspørsmål eg kunne stille, samt idear til andre spørsmål som kunne vere interessant å spørje om. Pilotintervjuet vart ikkje brukt vidare som datamateriale til analysa, men var likevel til god førebuingshjelp.

4.3.2 Gjennomføring av intervju

Alle intervju vart gjennomført i nærområdet til informantane, enten i kommunesenteret i gamle Snillfjord kommune, Krokstadøra, eller i næraste sentrum til nokre av informantane, Orkanger. Intervju som vart gjennomførte på Krokstadøra fann stad i kommunehuset på eit møterom, medan intervju som vart gjennomførte på Orkanger fann stad i hjørnet på ein kafé. Intervju vart gjennomført i tidspunkt som passa informantane best, enten på dagtid eller etter arbeidstid.

Eg starta alle intervju med å gå raskt igjennom dei viktigaste punkta i informasjonsskrivet som omhandla anonymisering og konfidensialitet, samt at eg ønska å nytte meg av lydopptakar. Deretter fekk informantane lese informasjonsskrivet før dei skreiv under på samtykkeerklæringa (sjå vedlegg). Eg informerte også informantane mine om at det ikkje var noko rett og galt svar, og at det eg var ute etter var deira meiningar, tankar og haldningar rundt temaet vi skulle snakke om. Dette kan vere viktig å presisere då det kan ha påverka gyldigheita til prosjektet med tanke på korleis studien måler det den faktisk skal måle (Tjora, 2012, s. 206). Det var også sentralt gjennom intervju å skape ein komfortabel situasjon og

samtaleflyt for informantane. Derfor nytta eg meg av prober som «mhm», «ja» og eg smilte og nikka og viste at eg var interessert på ein naturleg måte. Dette kan føre til at informanten vert meir engasjert og det kan fremje lysten til å fortelje (Thagaard, 2018, s. 96). Lengda på opptaka frå intervjua varierte frå 36 til 59 minutt. Samtalen vi hadde i forkant av intervjuet og etterpå vart ikkje tatt opp med lydopptakar. Den gav heller ikkje noko nyttig tilleggsinformasjon, men vi fekk runda av samtalen på ein hyggeleg måte.

4.3.3 Behandling av data

I løpet av transkriberinga nytta eg moglegheita til å reflektere over meg sjølv som forskar. Eg la blant anna merke til at eg i dei første intervjua ofte var rask med å svare og bekrefte det informantane sa. Det kan tenkjast at eg har gått raskt vidare utan at informantane fikk snakka seg ferdig først. Dette kan ha ført til at eg har gått glipp av viktig datamateriale. Likevel vart eg bevisst på dette allereie etter få intervju, og deretter er det merkbar endring der eg gir informantane betre tid til å fullføre. Alle intervjua vart transkribert. Eg tok eit bevisst val om å gjere den lokale dialekta deira om til nynorsk i transkripsjonen for å sikre anonymisering av informantane i større grad (Tjora, 2012, s. 144). I denne prosessen utelèt eg alle personopplysningar som potensielt kunne sporast tilbake til informantane, i tråd med gjeldande personvernreglar.

Etter at eg var ferdig med å transkribere, las eg først gjennom alle intervjua og markerte det eg fann som virka interessant av ord og uttrykk. I denne prosessen fokuserte eg på å ikkje leite for snevert, men heller understreke for mykje, då eg ikkje hadde ei spikra problemstilling. Etterkvart byrjar eg å skimte tema som vart tatt opp av fleire av informantane, og som kunne vere aktuelle tema for vidare analyse og drøfting. Dermed valte eg å gjere kodane empirinære, då det er det informantane snakkar om som er viktig for analysa. Når eg koda nytta eg meg av ein tabell med to kolonner. I den eine kolonna skreiv eg inn koden, og i den andre kolonna skreiv eg inn dei sitata og utdraga som hørde til under koden. Etter dette byrja eg å utvikle konsept som ville vere relevante til problemstillinga mi. Arbeidsprosessen knytt til analysa veksla stadig mellom empiri og teori. Dermed liknar arbeidet med analysa på stegvis-deduktiv induktiv metode der bevegelse mellom empiri og teori er sentralt (Tjora, 2012, s. 175).

4.4 Studiens kvalitet

Viktige kriterier for kvalitet er reliabilitet (pålitelegheit), validitet (gyldigheit) og generaliserbarheit (Tjora, 2012, s. 202). I det følgjande vert desse kriteria forsøkt diskutert i tilknytning til dette prosjektet.

Å gjere greie for pålitelegheita til forskingsarbeidet er eit godt kriterium for å sikre kvaliteten til arbeidet. Særleg kan ein oppnå dette ved å gjere greie for korleis forskaren sin eigen posisjon kan komme til å prege forskingsarbeidet. Engasjementet forskaren har for tematikken vil kunne betraktast som støy ved at det kan påverke resultatene (Tjora, 2012, s. 203). Personleg har eg eit stort engasjement for dette temaet då eg kjem frå distrikts-Noreg sjølv. Likevel har eg ikkje personleg eigeninteresse for nettopp den kommunen og det området eg forskar på i dette prosjektet. Mitt engasjement for distrikts-Noreg generelt kan moglegvis sjåast på som støy, og noko som dermed kan påverka resultatene mine. Dette kan komme av at eg moglegvis har føreinntatte haldningar og dermed ikkje stiller spørsmål på ein slik måte at eg avdekkjer kva informant faktisk meiner om ei sak. På ei anna side kan mitt kjennskap til temaet vere ein ressurs i prosjektet ved at eg kan stille relevante oppfølgingsspørsmål som følge av at eg kjenner til temaet på eit djupare plan. Ved å ha engasjement for temaet, samt kjennskap til det med å bu på bygda, kan eg kanskje sette meg lettare inn i sakene informantane er opptekne av og stille relevante spørsmål til informantane mine for å få fram gode refleksjonar og fleire sider av problemstillinga.

Gjerne er pålitelegheita knytt til om resultatet av forskinga hadde blitt tilnærma den same om ein annan forskar hadde gjort same jobben. Å gjennomføre kvalitativ forskning fullstendig objektiv er nærast umogleg. Derfor krevjast det å tydeleggjere, samt reflektere kring korleis forskaren kan ha påverka forskinga (Tjora, 2012, s. 203). Tjora (2012) viser til viktigheita av transparens i forskingsarbeidet. Ved å nytte seg av transparens vil det kome tydeleg fram korleis forskinga er gjennomført, kva val som er tekne og kva utfordringar som har stått i vegen undervegs (Tjora, 2012, s. 216). Eg har forsøkt å gjennomføre arbeidet så transparent som mogleg, der eg har vore open om både metodiske val og kva utfordringar eg har støytt på, som til dømes med at informantane kan ha blitt «filtrerte» ved utveljing, og at den geografiske spreinga kan ha påverka funna. I tillegg har eg nytta meg av mange direkte sitat frå informantane for å tydeleggjere kva som er mine tolkingar og kva som er meiningar informantane har ytra. Eg har også nytta ein del tidlegare forskning på området som bakgrunn

for den analytiske delen. Alt dette er faktorar som vil kunne styrke pålitelegheita ved oppgåva.

Gyldigheitsindikatoren måler om dei svara vi finn i forskinga vår, faktisk er svar på dei spørsmåla vi forsøker å stille (Tjora, 2012, s. 206). Etter nokre intervju fann eg ut at omgrepet “identitet” var vanskeleg å forstå for fleire av informantane. Sjølv om eg forklarte kva eg meinte med omgrepet, så virka det som at fleire av informantane hang seg opp i at svaret måtte ha ein direkte kopling til omgrepet “identitet”. Hjø fleire informantar førte dette til at dei gav korte svar, og at svara likna på svara dei gav under spørsmål om tilhøyrslse. I dei resterande intervju tydeleggjorde eg klarare kva eg meinte med omgrepet “identitet” og merka at svara eg fekk vart meir utgreia og klarare. Likevel forklarte eg at det var deira eigne forståingar av omgrepet som var det viktige og at det var det eg var interessert i å høyre om. På bakgrunn av dette kan det tenkast at det ikkje nødvendigvis fungerer å presentere omgrep som informantane skal fylle med innhald, men at ein heller skal prøve å utleie innhald og omgrep ut frå det informantane seier.

Ein anna viktig faktor i studiens kvalitet er i kor stor grad tolkingane mine representerer dei reelle meiningane, tankane og haldningane til informantane mine i prosjektet. I analysa vil sitat og utdrag bli framheva slik at det vil så langt det rår vere enkelt å sjå kva som er direkte sitat. Dermed vil det bli eit tydleg skilje mellom empiri og mine eigne tolkingar, Dette kan vere med på å styrke gyldigheita til prosjektet. Likevel vil diskusjon og drøfting inngå i analysedelen. Ved å gjere det på denne måten, i staden for å ha det kvar for seg, vil det vere vanskelegare å ha eit klart skilje mellom empiri og tolkingar. Dette kan på mogleg vis svekke gyldigheita til prosjektet ved at det er vanskeleg å fullstendig skilje empiri og tolking når dette er fletta saman. I kvalitativ forskning er intervju den metoden som er desidert mest nytta (Tjora, 2012, s. 104). Silverman (2005) er blant fleire kritisk til det såkalla «intervjusamfunnet». Bruk av intervju som metode vert av Silverman (2017) kritisert fordi det er ein stor vekt av forskning som nyttar nettopp intervju til å studere opplevingar og oppfatningar informantar har hatt med ulike fenomen (Silverman, 2017, s. 145). Noko av kritikken mot intervju som metodeform er også retta mot kva eigenskapar intervju har, og om korleis vi kan vite om informantane snakkar sant. Det er retta særleg kritikk mot eigenskapane som omhandlar overførbarhet, då det vert hevda at det ikkje er implisitt kva ei større gruppe meiner ut i frå nokre einskilde intervju (Hammersley, 2017, s. 173).

Eg som forskar har inga tilknytning til kommunen og tettstadane som inngår i prosjektet. Ved å ikkje ha noko personleg eigeninteresse i saka om kommunedelinga kan det virke som at eg er ein nøytral og objektiv observant. Dette kan vere med på å styrke gyldigheita til forskinga då det kan tenkjast at informantane har mindre filter på kva dei ynskjer å fortelle meg sidan eg er ein «utanforståande». Ein tanke er at informantane har større tiltru til å fortelje ein nøytral person kva dei meiner om lokalsamfunnet sitt og om kommunedelinga. Likevel kjem eg sjølv frå distrikts-Noreg, noko som kan ha ført til at eg kan ha nokre føreinntatte meiningar om korleis det vil opplevast for innbyggjarar å bli delte og slått saman med nye kommunar. Dette kan vere med på å svekke gyldigheita til prosjektet (Tjora, 2012, s. 206). Eg hadde også i førekant av intervjuet vore i kontakt med sentrale aktørar i kommunestyret i dei tre nye kommunane, Heim, Hitra og Orkland i forbindelse med prosjektet. Også dette kan ha vore med på å svekka gyldigheita, då eg kan ha tatt med meg deira syn på saka inn i min eigen tankeprosess. Uansett har eg i metodekapitlet streva etter å vore transparent, slik at lesaren kan følgje den nøyaktige prosessen frå start til slutt med eit godt innblikk (Tjora, 2012, s. 216).

Ei eller anna form for generalisering er eit eksplisitt eller implisitt mål innanfor det meste av samfunnsforskinga (Tjora, 2012, s. 207). Dette prosjektet tek føre seg eit utval på berre ni personar, og å snakke om ei generalisering til alle innbyggjarane i kommunen er derfor lite hensiktsmessig. Likevel vil ei slik kvalitativ studie kunne avdekke viktige tematikkar som informantane er opptekne av, og som kan gi eit innblikk i faktorar som kan gjelde også for ein større del av innbyggjarane i kommunen. Sjølv om studien tek for seg korleis innbyggjarar i gamle Snillfjord kommune opplever situasjonen rundt kommunedelinga- og samanslåinga, vil resultata i studien kunne nyttast som samanlikningsgrunnlag for forskning på andre kommunar i tilsvarende situasjon.

4.5 Etisk vurdering

Dette prosjektet er ein del av ein større doktorgradsstudie i regi av Indre Fosen kommune, Forskningsrådet og NTNU. Prosjektet er godkjent av Norsk senter for forskingsdata (NSD). Datamaterialet som vart innhenta i denne oppgåva skal berre bli nytta av meg, men funna i masteroppgåva vil kunne bli brukt i ein samla rapport frå prosjektet. Kommunane Heim, Hitra og Orkland er ekstern oppdragsgivar for prosjektet. Alle informantane fekk eit informasjonsskriv og samtykkeskjema der frivillig deltaking og behandling av personvern vart avklara.

Eg har gjennom heile prosessen vore bevisst på mi eiga forskarrolle. Det har vore viktig for meg å presentera innbyggjarane sine reelle meiningar og opplevingar om kommunedelinga så langt det let seg gjere, og ikkje verta farga av at kommunane sjølve er oppdragsgivarar. Sidan kommunane er ekstern oppdragsgivar for prosjektet, hadde vi i prosjektet eit møte med dei tidlegare i semesteret, der vi drøfta rundt kva som var ynskjeleg å forske på. Det at eg har hatt kontakt med representantar for kommunane, der dei har lagt fram sine synspunkt, kan ha gitt meg føreinntatte haldningar eller meiningar om kva innbyggjarane meiner og ynskjer, og dermed mogleggjort at eg lettare finn desse meiningane i datamaterialet.

Datamaterialet er anonymisert, der informantane har fått fiktive namn. Likevel vert det nemnt kva ny kommune informantane høyrer til, da dette er viktig informasjon for å kunne analysere om det er geografiske skilje mellom opplevingar og haldningar til delingsprosessen. Dette kan bidra til at informantane blir noko meir identifiserte. I tillegg kan det vere utfordrande å anonymisere når informantane er tilknytt små lokalsamfunn der alle kjenner alle. I slike tilfelle vil det vere enklare for innbyggjarane å kjenne att informantane enn om det hadde vore i større byar og tettstader. Dette er også grunngevinga for at alder og eventuelle andre kjenneteikn på informantane er utelatt.

5.0 ANALYSE

Dei ni intervjuar resulterte i eit fyldig og interessant datamateriale som vil bli analysert i dette kapitlet. Dei gjennomgåande og viktigaste funna vert i dette kapitlet presentert og diskutert i lys av relevant teori og tidlegare forskning, samt bakgrunns litteratur. Funna frå datamaterialet vert delt inn i to hovudkategoriar, der den første tek for seg innbyggjarane sine erfaringar kring kommunedelingsprosessen. Opplevingane innbyggjarane har er ein gjennomgåande faktor i dette og vil bli drøfta i tilknytning til temaa informasjonsgiving, medbestemmelse og tempo. Med tempo meinast det hastigheita innbyggjarane meiner prosessen har gått føre seg i. Den andre og største delen av analysa fokuserer på korleis innbyggjarane opplever identiteten og tilhøyrsla til gamle Snillfjord kommune etter kommunedelinga. I denne delen vert søkjelyset retta mot funna knytt til innbyggjarane sine opplevingar rundt korleis gamle Snillfjord kommune var, korleis dei opplever stadstilknytninga til områda som høyrde til den gamle kommunen i dag, og kva dei ser for seg i framtida. Det er valt å fokusera på området tilhøyrande gamle Snillfjord kommune fordi det er få tilfelle av kommunedelingar i Noreg. Snillfjord Kommune vart delt i tre delar 1.januar 2020, der innbyggjarane no høyrer til tre ulike nye kommunar. Det er derfor interessant å sjå om og eventuelt korleis stadstilknytninga og identiteten innbyggjarane har til alt det som representerte Snillfjord kommune blir påverka av ein slik kommuneprosess.

5.1 Innbyggjarar sine opplevingar med kommunedelingsprosessen

Som nemnt i teorikapitlet vil relasjonen og forholdet mellom stad og menneske verta påverka av det Giddens (1991) skildrar som moderniserings- og globaliseringsprosesser.

Kommunesamanslåing og kommunedeling kan vere døme på strukturendringar som vert gjennomført i ein større moderniseringsprosess. Målet med kommunereforma er å kunne sikre gode og likeverdige tenester, ei heilskapleg og bærekraftig samfunns- og næringsutvikling, samt økonomisk robuste kommunar og eit styrka lokaldemokrati (Regjeringa, 2020). For å kunne få innsikt i innbyggjarane si oppleving av kommunedelinga, kan det vere lurt å forstå korleis innbyggjarane opplevde sjølve prosessen. Dette omfattar både informasjonsgivinga frå kommunen si side, i kva grad innbyggjarane følte at deira stemme vart høyrde, samt korleis tempoet vart oppfatta.

5.1.1 Informasjonsgiving og innbyggjarundersøking: «Fekk vi sagt det vi meinte?»

Tydeleg informasjonsgiving frå kommune, samt gode høyringsrundar på eit tidleg tidspunkt, er ifølgje Brandtzæg (2014) ofte avgjerande for at innbyggjarar skal stille seg positive til endringar vedrørande kommunegrenser. Informantane gav ulike svar i spørsmåla om klarheit i informasjonen som dei fekk. Nokre av informantane synes at informasjonen har vore tydeleg og grei, medan andre informantar har ei oppleving av at dei fikk lite konkret informasjon. Blant anna nemner Isak at

Isak: Vi fikk berre ei spørjeundersøking på internett. Eg synes det var skikkelig dårlig. Det var aldri ei folkeavstemming. Eg følte at eg ikkje fikk noko informasjon, anna enn at «slik vart det».

Oskar trekker derimot fram at informasjonen var klar frå eit tidleg tidspunkt.

Oskar: Det var ei orientering i form av at det skulle setjast i gang ein kommunereform. Det kom fort fram at det skulle vere ei brukarundersøking, der vi vart spurde om vi såg for oss ei deling og korleis deling vi såg for oss.

Eit interessant moment er derfor kvifor informantane har så motsette oppfatningar kring spørsmålet om informasjonsgiving. Ei årsak kan vera at det er forskjellig forventning til kva informasjon som skal bli gitt i ei slik sak. Begge informantane referer til den same spørjeundersøkinga, men omtalar denne svært ulikt. Isak viser til at det «berre» var ei spørjeundersøking, noko som impliserer at han skulle ønska at det var ein grundigare dialog som skulle munne ut i ei folkeavstemming. Oskar meiner derimot at gjennom denne undersøkinga har innbyggjarane fått vise meininga si og korleis dei såg føre seg prosessen vidare. Ei anna naturleg forklaring kan også ligge i synet informantane har på kommunedelinga i utgangspunktet. Dersom ein ikkje ynskjer delinga kan det tenkast at ein opplever informasjonsgivinga som meir mangelfull enn kva den i realiteten var. Særleg kan dette inntrykket ha blitt forsterka i ettertid dersom utfallet av prosessen har vorte noko anna enn dei ein hadde sett føre seg. Tilsvarande kan ein person som opphavleg ynskjer delinga vere positiv til prosessen, og i ettertid ikkje sjå like lett at det eventuelt har vore mangelfull informasjon frå ein tidleg fase.

Denne spørjeundersøkinga informantane snakkar om var ei innbyggjarundersøking kommunen valde å ha for å kartlegge meiningane kring ei deling av kommunen. Fleire av informantane fortel om korleis dei føler at undersøkinga ikkje fanga deira reelle synspunkt i saka, og at den var utforma slik at kommunen kunne dra konklusjonar på feil premissar. Blant anna fortel Nora om det ho ser på som misvisande informasjon.

Nora: Det med tredeling av kommunen er ein spesiell prosess synes eg, for vi hadde ei innbyggjarundersøking og det kom ikkje fram på den at kommunen skulle delast i tre. Berre ei kartlegging av kor vi brukar tenestene våre. Ut i frå den undersøkinga kunne dei dra dei konklusjonane dei ville. Det hadde vore annleis om vi kunne krysse av for om vi ønska tredeling eller ikkje, men det kom ikkje fram i undersøkinga. Eg svara jo ikkje på at eg ville dele kommunen i tre om eg svara på at eg handla i Orkdal. Eg gjorde jo ikkje det.

Informanten påpeiker altså at undersøkinga ikkje baserer seg på kva innbyggjarane meiner om endringar i kommunegrenser, men utelukkande handlar om kvar ho nyttar tenester og funksjonar. Det kan verke for å vere eit paradoks at spørjeskjemaet skal verke inkluderande på innbyggjarane, ved å innhente deira svar, men vert opplevd som ekskluderande sidan dei ikkje får sagt sin meining. Ein tanke kan vere at nokre av informantane føler at dei ikkje har fått god nok orientering i førekant av innbyggjarundersøkinga. I så fall kan situasjonar som denne føre til at det oppstår ei form for mistillit mellom innbyggjarar og kommune. Dette er i samråd med Brandtzæg (2014) som viser til at det kan vere ei ulempe å definere spørsmål i førekant utan å gi god informasjon om undersøkinga, då dette kan gi lite gjennomtenkte svar der innbyggjarane ikkje forstår kva og kvifor dei blir stilt ulike spørsmål (Brandtzæg, 2014, s. 12). Det er merkbare skilnader mellom korleis informantane har opplevd informasjonsgivinga og innbyggjarundersøkinga. Ein tanke kan vere at innbyggjarane vurderer spørjeundersøkinga ulikt fordi dei har ulik oppfatning av informasjonen dei fekk i førekant. Oskar som gir uttrykk for at han har lese informasjonen og sett seg inn i saka, verkar også for å vere den som er mest positiv. Ein tanke er at han ser relevansen av undersøkinga etter å ha lese informasjonen og dermed føler seg som ein del av prosessen. Andre informantar som Nora og Isak føler seg litt utanfor. Dermed verkar det som at tilgjengelegheita på informasjon vert opplevd ulikt, og at informasjonen kanskje ikkje er gitt på ein måte som gjere til at alle får den med seg, forstår den eller ser relevansen for seg. Hanna fortel også om andre utfordringar knytt til undersøkinga:

Hanna: Vi fikk eit spørjeskjema om kor vi helst ville hen. Mange sit med kjensla av... For det vart sagt at den kommunen fleirtalet ville slåast saman med skulle heile kommunen slåast saman med. Og flest ville til Orkland, men så gjekk dei ned i kretsane og då vart det bestemt at det skulle delast i tre.

Igjen vert det ytra at undersøkinga bygger på feil premiss, og at dei har svara på noko anna enn kva spørjeskjemaet har blitt nytta til i etterkant. Dette er i samråd med Brandtzæg (2014) som viser til at dersom innbyggjarane opplever ei kjensle av at resultatane som kjem ut i frå innbyggjarundersøkinga ikkje vert tatt hensyn til, eller at det vert forsøkt å fremje eit synspunkt, kan bidra til irritasjon og mistillit blant innbyggjarane (Brandtzæg, 2014, s. 12). Dette kan sjåast på som ein konkret måte der innbyggjarane ikkje føler seg sett, eventuelt føler seg distansert til det som vert bestemt og vedteke. På denne måten vil dermed innbyggjarundersøkinga kunne verke mot si hensikt.

At innbyggjarane reagerer på spørjeskjemaet som blei nytta i kartleggingsprosessen kan tyde på at dei har eit grunnleggjande ønske om å kunne ytre sine meiningar og haldningar til delinga. Når undersøkinga sett dei i ein posisjon der fleire føler at dei ikkje får vist desse på ein ordentleg måte, kan ein i ettertid få ei kjensle av at dei har fronta det motsette. Dette kjem særleg fram i sitatet av Nora ovanfor der ho hadde kryssa av for kvar ho nytta tenester og funksjonar. Desse svara kan i ettertid sjåast på som eit argument for at kommunen burde delast i henhold til kvar innbyggjarane brukte tenester, men er eigentleg motsett av kva informanten har ønska å uttrykke. Det er derfor interessant å undersøke i kor stor grad innbyggjarane føler at meiningane deira har blitt høyrd i saka, altså grad av medbestemming.

5.1.2 Medbestemming: «Vert det vi seier høyrte?»

På bakgrunn av at kommunen utførte ei innbyggjarundersøking, har kommunen i prinsippet innhenta innbyggjarane sitt synspunkt. Det er uansett opp til kommunen om dei vel å ta meiningane og ynskja til innbyggjarane i betraktning (Inndelingslova, 2001, § 10). I spørsmåla frå intervjuet som omhandlar oppleving av medbestemming gjennom kommunedelingsprosessen kjem det fram at fleire av innbyggjarane føler liten grad av dette. Maja uttrykker det på følgjande måte:

Maja: Det var jo ikkje så mykje ein kunne stille opp med. Det er ikkje vits å seie at «dette går eg ikkje med på». Eg trur ikkje dei hadde høyrte på det. Den vanlege mannen i bygda hadde nok ikkje så mykje han skulle sagt. Nyttå ikkje å seie noko. Mange sa jo noko, men det vart ikkje noko annleis for det om. Slik skulle det vere.

Informanten opplever at den einskilde si stemme ikkje vert høyrte i ei slik sak, og det ligg ein resignasjon i at ho ikkje trur at det og seie imot vil utgjera noko skilnad. Det vert også skildra at det var mange som har prøvd å uttrykke kva dei meiner, men at utfallet av saka opplevast som om den var fastbestemt på førehand. Nora forsterkar inntrykket av at graden av medbestemming ikkje vart dekkja gjennom undersøkinga dei gjennomførte.

Nora: Eg har ikkje sagt at eg vil at kommunen skal delast i tre. Det er jo berre tolka ut i frå svara på innbyggjarundersøkinga, og dei spørsmåla kan dei laga som dei vil, og tolke som dei vil. Ville dei hatt klare svar, så måtte dei ha stilt direkte spørsmål i ei folkeavstemming.

Fleire uttrykker derfor sterk misnøye rundt grad av medverknad i prosessen. Dette kan vera svært uheldig, då det å ikkje føle at ein har hatt moglegheita til å seie meinangane sine bryt med det demokratiske fundamentet. I tillegg kjenner informantane her på ei kjensle av at kartlegginga var utforma på ein slik måte at ein kunne dra dei konklusjonane ein ønskte ut av informasjonen innbyggjarane gav. På denne måten fekk dei ikkje ytra meiningane dei hadde på ein ordentleg måte, og dei etterlyser moglegheita til å gi klare svar. Ved å føle at tolkinga av undersøkinga strittar i mot det dei har prøvd å uttrykke, kan det kjennast som at svara dei gav blir brukte i mot seg. Dette kan kjennast ekstra ubehageleg, og gi grobotn for ei enno sterkare misnøye med prosessen. Eit slikt utgangspunkt kan vera vanskeleg å snu, og ved å føle at det ein har sagt ikkje blir høyrte kan det vera vanskeleg å akseptera utfallet av saka enn om dette sentrale momentet hadde vore på plass.

Andre informantar held seg relativt nøytrale til grad av medbestemming og synes at ein har fått ytra sine meiningar og ønsker. Det sentrale er likevel at opplevinga av medbestemming er svekka hjå nokre, og dei to sitata ovanfor illustrerer korleis informantane føler seg distansert frå sjølve avgjerda. Det blir dermed ei slags kjensle av «oss mot dei». Både Maja og Nora referer til «dei» som tolkar svar og tek avgjerda, noko som indikerer at dei sjølve ikkje føler særleg grad av medbestemming i saka.

Fleire av informantane viser dermed til liten grad av medbestemming i kommunedelingsprosessen, sjølv om delinga av Snillfjord er å rekna som ei frivillig kommunedeling med lite motstand. Som innbyggjar i ein kommune som skal delast eller samanslåast har ein rett til å meine, komme med forslag og til å ta initiativ for at innbyggjarane sine meiningar skal bli lagt fram og presentert for kommunestyret (Inndelingslova, 2001, § 10). Fleire av informantane nemner spesielt ein underskriftskampanje som innbyggjarar på Krokstadøra og omegn bidrog med.

Nora: Vi starta ein underskriftskampanje på Krokstadøra om at vi ønska å vere ein del av Orkland og det det viste seg jo at dei fleste ville det, men ikkje fullt halvparten.

Dette viser tydeleg at det har vore eit personleg engasjement i saka. Det har vorte jobba for å kunne legge fram underskrifter frå ein majoritet slik at avgjerda skulle ha grunnlag i innbyggjarane si meining. Denne kampanjen hadde som hovudformål at heile gamle Snillfjord kommune skulle haldast saman og gå inn i ei enkelt samanslåing. Nora held fram med følgande:

Nora: Vi var jo knapt 1000 innbyggjarar i heile kommunen, og det er jo grunn nok til å lure på om det å dele oss er bra. Hadde det vore mange fleire kunne eg kanskje skjønt det.

Det kan verke som at sidan Snillfjord kommune var ein liten kommune med få innbyggjarar, så føler innbyggjarane tilhøyrse til heile kommunen og ikkje berre sjølve staden dei bur på. Forslaget om at dei skulle delast i tre kan dermed sjåast på som ei splitting av eit lite, men sterkt fellesskap. Ein anna faktor kan sjølvstøtt vere at innbyggjarane på Krokstadøra ønska å få med resten av kommunen for å sjølv ikkje verta ein utkant i den nye kommunen og å stå sterkare i forhandlingar om tenestetilbod, og at det dermed er eiga «vinning» som er hovuddrivkrafta. Andre informantar gir uttrykk for at det slett ikkje var alle som hadde eit ynskje om at heile kommunen vart med til Orkland:

Sara: Det kom ein på døra til meg og spurde om eg kunne skrive under på at eg ville til Orkland, men då svara eg han at eg ville til Hitra og da gjekk han.

Dette viser dragkampen som har utspelt seg utanfor kommunehuset, og at det har vore tydelege ønsker om utfallet av prosessen frå fleire hold. I følgje fleire av informantane frå Hitra og Heim, var ikkje ønsket om ein samla Orkland kommune stort, og nokre av informantane viser til at dei er godt nøgde med å få komme til ein ny kommune. Jakob skildrar meininga si på denne måten:

Jakob: Slik eg ser det så verkar det som at folk er godt nøgde med å bli heimsværingar. Det har alltid vore naturleg å reise til Hemne for å handle. Det er også ein mykje meir real skuleveg for skuleungane å reise ei god mil til Kyrksæterøra, enn fire mil til Krokstadøra. Sonen min var lutlei av å sitte på bussen til skulen på Krokstadøra i dei åra.

Informantane er dermed delte i synet på kva utfall dei ønska i kommunedelinga, og det verkar til å vera eit samsvar mellom ønske og geografisk tilhøyrslø. Naturleg nok har dei fleste eit ønske om å høyre til ein kommune der heimstaden ikkje vert ein utkant, men har nærleik til det nye kommunesenteret og fleirtalet av tenester og funksjonar. Dette momentet vert vidare utgreia i delkapitlet «Kven er nøgd?». I tillegg kan det verke som at det er ein samanheng mellom kva kommune ein har blitt ein del av etter delinga og korleis ein har opplevd prosessen. Dei som er godt nøgde med utfallet av ny samanslåing er også dei som er mest nøgde med både informasjonsgiving og grad av medbestemming. Dette kan gjerne komme av at dersom ein ikkje føler seg sett og høyrd gjennom prosessen er det vanskelegare å akseptere dei potensielt negative konsekvensane prosessen får.

5.1.3 Opplevinga av tempoet av prosessen: «Fort, men for fort?»

I tillegg til informasjonsgivinga og tolkinga av det som vart gjennomført av interesseinnhenting, er det fleire av informantane som trekker fram tempoet i prosessen. Nokre synes at prosessen gjekk fort og ryddig føre seg, som blant anna:

Jakob: Eg følte folk var einige ja, iallfall dei som ville til Heim. Og det gjekk fort for seg, så det var ikkje noko problem.

Andre informantar synes derimot at prosessen har heldt eit for høgt tempo til at ein har fått gjennomgått grundig nok.

Maja: Eg har høyrte mange som synes det har gått fort for seg, og likar ikkje dette her.

Det er dermed store skilnader i korleis informantane synes hastigheita på prosessen har vore. Begge referer til at tempoet har vore høgt, men sjølv opplevinga av dette er svært ulik. Jakob viser til at «det ikkje var noko problem», og legitimerer den raske saksgjennomgangen. At ein er einig i avgjerda spelar nok her ei stor rolle, og ein kan lettare «godta» ein rask prosess så lenge utfallet er ønska. For Maja har det raske tempoet ei negativ undertone, og ved at ho legg til at mange «likar ikkje dette her» viser ho også at utfallet av prosessen heller ikkje er det som er ønska. Dermed kan misnøya med det raske tempoet bli forsterka, og ein føler at ein ikkje har fått satt seg inn i saka.

5.2 Opplevingar knytt til før, no og framtid

I denne delen vert det undersøkt i større grad korleis innbyggjarane har opplevd sjølv samanslåinga. Det vert vektleggja kva informantane tenkte tidleg i prosessen, korleis dei held seg til situasjonen i dag, samt kva konsekvensar ein tenker denne prosessen får i eit kort og i eit lengre tidsperspektiv. Identiteten og tilhøyrsla til staden, og eventuelt kva endringar ein kan spore i denne, er den overordna tematikken ein ønsker å komme tettare inn på.

5.2.1 Informantane sine reaksjonar på kommunedeling: «Fornuft eller kjensler?»

Spørsmåla kring kva informantane tenkte når dei fikk vite at kommunen skulle delast gav ulike svar. Nokre av informantane viser til kommunedeling som ein heilt naturleg og forventa prosess med få konsekvensar og stor semje blant innbyggjarane. Andre er meir skeptiske til kommunedeling og nyttar ord som sårt og feil.

Oskar: Eg tenkte no at det var ein naturleg ting faktisk. Snillfjord har vorte meir og meir delt dei siste 10-15 åra. Dei tre delane er meir polariserte. Det eine er jo på grunn av mindre innbyggjarar, så skulen blir ikkje det same knutepunktet lenger. På fritida har delane søkt ut til dei nye kommunane. Det er spesielt... Ungdomsskulen har vore for heile kommunen, men det er jo små klasser.

Det at Oskar fortel at han opplever kommunedeling som ein naturleg ting, samstundes som han viser til at han synes det er spesielt at dei tre delane har søkt seg ut til dei nye kommunane, kan tyde på at Oskar opplever delinga av kommunen som eit sårt tema, og at han

skulle ønske at kommunen framleis kunne vere sjølvstendig om dette var mogleg. Fleire av innbyggjarane ser ut til å ha denne meininga, samstundes som dei forstår kvifor kommunen vart delt.

Henrik: Eg har ikkje ivra for det, men det er det å vere realist og det å sjå at det ikkje er økonomi til å drive ein kommune. Så dersom kommunen ikkje hadde vore hengt opp i økonomi, kunne eg tenkt meg at kommunen framleis hadde vore slik den var. For vi har det veldig fint her.

Denne motsetnaden mellom realisme og idealisme er noko som fleire av informantane nemner. Realismen dei referer til bygger i stor grad på kva økonomiske og reint praktiske konsekvensar den nye kommunestrukturen har. Fornufta tilseier derfor at delinga er naudsynt sidan ein får større økonomiske godar ved å verte del av ein større kommune. Hjartet seier derimot at ein vil behalde dei kjende strukturane, og idealet til dei fleste informantane er dermed at kommunen kunne halde fram som den var før delinga. Denne idealistiske sida er sterkare hjå nokre av informantane, og desse ser ikkje på den nye delinga som velkommen i det heile, og uttrykker udelt at ein gjerne skulle ha haldt fram som før.

Sofie: Eg har heile tida tenkt at kvifor kan ikkje vi berre vere Snillfjord? Eg synes at det var sårt.

Desse forskjellige synspunkta kan tenkast å ha utspring i kva type tilhøyrslar informantane har til staden. Personar med ei hovudvekt av funksjonell tilhøyrslar ser gjerne på staden som noko som dekkjer spesifikke behov og konkrete funksjonar. Desse funksjonane, som til dømes skule eller arbeid, kan dekkjast også frå andre stader. Ved å legge økonomisk robustheit til grunn er det derfor naturleg for desse informantane at delinga finn stad. For dei som derimot opplever delinga som sår har truleg ei meir emosjonell tilhøyrslar til staden. Denne er gjerne grunna i sosiale relasjonar mellom menneska som bur der, og er ei meir subjektiv tilnærming til stadstilhøyrslar. Desse informantane uttrykker sterke kjensler kring delinga. Dette gjeld også for Isak, som tidleg fekk negative assosiasjonar til delingsprosessen.

Isak: Eg tenkte det var ein feil, og eg tenkte at det ikkje kom til å gå bra.

Med dette uttrykker informanten ei sterk motvilje til delinga, og tidlege negative tankar rundt dette indikerer ein ibuande skepsis som kan vera vanskeleg å endre. Dette kan vere i samråd med Brandtzæg (2014) si forskning om at kommunesamanslåingar møter størst motstand i små distriktskommunar. Dette fordi innbyggjarane fryktar ulike konsekvensar, som at dei godane dei er vande med å ha blir flytta vekk (Brandtzæg, 2014, s. 17).

5.2.2 Samhald og nettverk: «Saman er vi sterke»

For å forstå reaksjonane som dukka opp når informantane fekk vite om avgjersla, kan det vera nyttig å vite kvifor dei ikkje nødvendigvis ønska ei slik endring. Sjølve tilhøyrsla til staden, samt kva dei identifiserer seg som, er viktige fundament for å forstå dette.

Hanna: Identiteten vår er nok kanskje at det kjennes trygt og godt og at vi bryr oss om kvarandre. Om det skjer noko med andre sine ungar, så kjenner vi jo dei. Det følte eg var veldig trygt når eg hadde ungar sjølv, at det berre var kjensfolk der, og at vi stolte på at dersom det var noko, så tok andre vaksne grep da. Vi køyrde ofte ungane våre på fest, og vi tok ikkje berre med våre eigne, det gikk på omgang da. Det er liksom samhald ja. At vi kjenner kvarandre.

Slik skildrar Hanna identiteten til Snillfjord og snillfjordingar. Identiteten består av eit godt samhald der alle kan føle seg trygge i kommunen og der innbyggjarane bryr seg om kvarandre. Jakob skildrar identiteten til Snillfjord på denne måten:

Jakob: Folk er hjelpsame og stiller opp for kvarandre. Opnar hus og heim. For nokre dagar sidan mista nokre naboar garden sin i brann, og da var det hus over alt der dei kunne flytta inn. Sonen min bydde fram sitt eige hus. Det var snakk om å evakuere storfe under brannen, da kom folk fram og stilte opp. Det er ikkje alle stader dei gjere det. Eg synes det er veldig godt å kjenne at det blir respondert på ein slik måte.

Samtlege av informantane nemner eit solid nettverk, med godt samhald der alle kjenner alle når dei får spørsmål kring kva dei ser på som Snillfjord sin identitet. Nokre meiner at det gode samhaldet vil visne vekk på grunn av kommunedelinga, medan andre ikkje ser grunn til at samhaldet skal bli dårlegare då det framleis er dei same folka som bur på dei same plassane i Snillfjord. Det at ein stad, eller i dette tilfellet ein kommune, har gode nettverkskvalitetar der

tillit mellom innbyggjarane i samfunnet står sterkt kviler på Putnam (2000) sine tankar kring kollektiv sosial kapital (Putnam, 2000; Schiefloe, 2011, s. 379). Dømet som Jakob viser til byggjer i stor grad på at det er ein generell tillit mellom innbyggjarane i lokalsamfunnet. At naboar og andre møter opp for å hjelpe til når slike ting skjer, er som Putnam (2000) skildrar det, ein motivasjon i heile befolkninga til å yte det beste for fellesskapet. Med høg grad av tillit til andre i lokalsamfunnet vil ein bli gjensidig avhengige av kvarandre noko som igjen vil skape ei sterk kjensle av tilhøyrse til staden ein bur på. Slike situasjonar som dette vil truleg ikkje komme til å endre seg sjølv om kommunegrensene vert flytta.

Desse sterke markørane for tilhøyrse gjeld for mange av informantane. Men nokre påpeiker at dette sterke fellesskapet kan bli trua etter den nye delinga. Isak nemner blant anna:

Isak: Vi bruker bevisst ord som byfolk. Så vi ønsker å distansere oss. Ekstra interessant er det at dei setter opp den bommen som skil oss, da blir vi jo enda meir adskilt. Vi må jo tenke oss om. Før var det berre tida, men no begynner folk å tenke seg om fordi det er dyrt. 59kr per passering, 120kr for å køyre ein snartur dit. Det er jo fysisk adskilling attpåtil.

Her kjem det fram ei tydeleg «oss og dei»-tankegang, der det blir fremma eit ønske om distansering gjennom ordbruk og tiltalemåte. Dette gjeld særleg for områda som no blir utkantar i nye kommunesenter. Den fysiske bommen står også fram som eit symbol for ulikskap, der ein føler at man må krysse over til «den andre sida» for å komme til dei større stadane i den nye kommunen. At ein seier at ein no vil «tenke seg om» før ein reiser til andre stader i same kommune kan tyde på at ein føler seg som adskilte grupper som ikkje lengre er same eining. Dette synet bryt med tankane om det sterke samhaldet og at alle kjenner alle, som blir rekna som den store styrken innanfor dei gamle kommunegrensene.

Desse trekka kan knytast til skilnadane mellom det ein i litteraturen omtalar som Gemeinschaft og Gesellschaft (Tönnies, 1957). Dei sterke og nære relasjonane som fantes i gamle Snillfjord kommune liknar på dei typiske trekka for Gemeinschaft der solidaritet og samhold er sentrale. Alle kjenner alle, og dei sterke sosiale banda gjer til at ein ønsker å hjelpe kvarandre med både små og store utfordringar i kvardagen. Ein føler på eit sterkt «vi». Det siste sitatet til Isak ovanfor syner derimot den distanserte tilnærminga ein har til innbyggjarane på dei større plassane, som i tillegg er adskilte av ein bom. Her er det trekka frå

Gesellschaft som rådar, der relasjonane har ein meir upersonleg karakter. Ein avgrensar samhaldet ved at det blir ei kjensle av «oss og dei». Dette er typisk for framveksten av større moderne samfunn, og det er særleg tydeleg at distanseringa gjeld til det Isak omtalar som «byfolk».

At det er «dei andre», altså storkommunen Orkland, som no rådar over den eine delen av gamle Snillfjord kommune kan også sjåast på som eit maktforhold. Å ha stadstilhøyrse kan kome av at det vert sett ei grensesetjing i eit rom. I dette tilfellet vil Orkland kommune vere dette rommet, der delen av gamle Snillfjord kommune vert «ekskludert» frå rommet på grunn av bommen. Derfor kan det tenkjast at «dei andre» er dei som hørde til i det som før var Orkdal kommune, og som er inkludert i området. «Oss» kan verte karakterisert som dei som ikkje høyrer til i dette rommet på grunn av lita eller inga tilhøyrse, og som dermed er ekskludert frå dei andre bygdene og byane ein deler kommune med. Ved å ha denne oppfatninga kan det bli verre å skulle bli «oss» med andre enn ein er vand med, og «dei andre» vert no ein del av dei som ein var «oss» saman med før. I følgje Frisvoll & Almås (2004) vert det vist at det i kommunereformer ofte er slik at innbyggjarane har meir tilhøyrse og meir lik identitet med dei ein bur i same område med sjølv om det er ei kommunegrense i mellom. Dette går under omgrepet identifikasjon der skiljet mellom «oss» og «dei andre» er sentralt, gjerne i forbindelse med kva verdiar bygdene eller kommunen har til felles (Frisvoll & Almås, 2004, s. 7-8). Ein prosess der ulike deler av ein ny kommune skal bli «til eitt», altså eit «vi», vil derfor kunne ta langt tid.

5.2.3 Oppfatning av staden: «Kva er viktig for meg?»

Sjølve omgrepet «stad» kan ha fleire ulike dimensjonar ved seg, og for å forstå korleis tilhøyrsla til innbyggjarane vert påverka av nye kommunegrenser må ein også undersøke kva staden symboliserer for dei. Dei tre hovudforståingane av omgrepet er i følge Agnews (1987) «location», «sense of place» og «locale». Desse tre omgrepa representerer ulike dimensjonar ved fenomenet «stad» og vert nytta til å kunne forklare ulike aspekt ved stader, og vert dermed også sentrale rundt korleis menneske oppfattar staden dei bur på. For nokre vert staden assosiert med kva funksjonar som finst der. Dermed er næringsverksemdar og lokale tilbod det som gjerne er det viktigaste. Blant anna nemner Maja at

Maja: «Sjukeheimen må i alle fall ikkje bort. Den er viktig i bygda her ja. Det er mange som vil hit sjølv om dei høyrer til andre staden, for her er dei kjent».

Andre funksjonar som ofte vert nemnt av informantane er tilgang til fysioterapeut, lokale arbeidsplassar, samt skule- og barnehagetilbod:

Sofie: Vi har jo hatt fysioterapeut her på Krokstadøra i 100% stilling, og no skal ho for det meste jobbe i Orkland. Det er bak mål. At pasientane skal køyre etter ho inn til Orkland for å få behandling. Det blir dyrt for folk å ta taxi, også er jo ho her eigentleg. Før kunne vi trene i arbeidstida, det tok eit minutt dit. No må vi reise til Orkland, det tek kanskje tre timar. Så no må dei leige inn vikarar for oss.

Maja viser til viktigheita av å nytte seg av tilbod i kommunen for å unngå at tilbod vert tatt vekk eller flytta.

Maja: Vi har jo ikkje så mykje her, så vi bør få ha det vi har. Eller så blir det tomt her. Eg høyrde at det var nokon i Orkdal som ville ha oss med på trim der, men det blir jo ikkje aktuelt. Nei, veit du kva... Dei har jo badeland og sånn, men vi har basseng her, og det må brukast, slik at dei ikkje legg det ned.

Også Nora er ein av informantane som meiner at tilgang på tenester er avgjerande også for å skape arbeidsplassar.

Nora: Det er lett vint at vi på bygda kan køyre ut til Orkanger, men det blir verre for dei å køyre ut til oss. Det bør jo vere noko her også. Det er store moglegheiter for å skape gode arbeidsplasser her. Det vil jo kanskje gjere utslag på befolkninga, barnehage og skule.

Ei slik skildring viser til meir objektive kvalitetar med staden, og reflekterer det ein i litteraturen omtalar som «location» (Berg & Dale, 2009, s. 41). Ei anna tilnærming er den ibuande opplevelsesmessige dimensjonen. Denne byggjer meir på den subjektive oppfatninga av staden, og er det ein forstår som «sense of place» (Berg & dale, 2009, s. 42). Denne subjektive tilknytninga til heimstaden vert skildra på følgande måte av ein av informantane:

Sofie: Eg er innfødd i Snillfjord og her er det trygge gode rammer. Ein gang snillfjording, alltid snillfjording. Eg kjem aldri til å kalle med hitterværing.

Her ser ein korleis sjølvidentiteten er tett samanvevd med staden ein bur på, og viser noko av essensen av korleis ein har ein opplevelsesmessig dimensjon knytt til staden. I tillegg vert det av fleire informantar påpeika viktigheita av tryggleik, og at denne tryggleiken er ein viktig del av det dei skildrar som typisk for staden.

Oskar: Vi kjenner stort sett folket som bur her. Det er ein stor kvalitet. Det er ein tryggleik.

I tillegg dekker denne dimensjonen dei subjektive oppfatningane til dei utanfrå som besøker kommunen.

Jakob: Det er jo den finaste plassen å bu på, seier no dei som kjem å besøker oss. Det er roleg og fredeleg og vi kan vere oss sjølv.

Den siste dimensjonen som vert omtala i litteraturen, «locale», assosierer stadsomgrepet med ein slags møteplass der ulike individ sine kvardagsaktivitetar kryssar kvarandre i tid og rom (Berg & Dale, 2009, s. 44). Rutineprega aktivitetar der innbyggjarane treffes blir sett på som viktig for fleire, der interaksjonen mellom menneska som bur der gjerne skjer på spesifikke møtestadar:

Maja: Det er viktig at vi har det vi har, som onsdagskafé, den vil vi behalde. Der treffes vi og slarvar.

I tillegg vert nærbutikken nemnt som ein viktig stad for å treffe folk, og ein fryktar at slike faste strukturar kan verte endra som følge av kommunedelinga:

Maja: Vi er redde for at butikken vert lagt ned. Butikken er jo ein naturleg møteplass for folk rundt om her, så den må vi ha.

Informanten vektlegg her betydinga av at butikken ikkje berre har ein konkret funksjon, men også er ein møteplass. Redsla for å miste butikken kan derfor sjåast på som ei redsel for at

dette også svekker det lokale tilhørslepunktet. Det er her dei møter folk dei kjenner, kjenner seg like med, kommuniserer med og føler nærleik til. Svekking av eit slikt lokalt senter vil kunne føra til at innbyggjarane opplever at noko av den lokale tilhøyrsla forsvinn (Bolkesjø og Brandtzæg, 2005, s. 38). Også institusjonelle strukturar har vorte påverka av delinga, og sjølv om funksjonane er flytta, er det sjølvve moglegheitsrommet for interaksjon som ofte vert understreka som det som er sakna, og ikkje nødvendigvis det at funksjonen er borte frå staden. Isak skildrar dette på følgjande måte:

Isak: Vi har levert inn ein byggjesøknad, som var godkjent av kommunen, men som trengte ein dispas, men den nye kommunen veit ikkje noko. Så da står vi no her. Før viste vi kven vi skulle snakke med. Mens no blir vi berre sendt hit og dit, og ingen veit noko, og det vert berre rot av det. Før visste alle på kommunehuset kva du snakka om, og no sit dei å ser på eit kart og veit ikkje kva dei snakkar om.

Den gjensidige interaksjonsforståinga er borte, og kvardagslege strukturar ein tok for gitt at skulle fungere, vert no opplevd som utfordrande. Samtidig er det andre som ikkje opplever dette i det heile, og som ikkje har problem med slike endringar. For Henrik blir modernisering og strukturelle endringar oppfatta som uproblematisk:

Henrik: Mange er fokuserte på kommunehuset. I dag betyr det ingenting, for eg skulle til å seie at internett er funne opp, telefonen og alt, så ein treng ikkje på huset for å få ting gjort.

Uansett er det i følgje Giddens (1991) slik at informantane og staden påverkar kvarandre gjensidig, og det er derfor naturleg at dei har tilnærma like måtar å oppleve staden på. Dette på grunn av at stader endrar seg som følgje av menneskeleg handling, samstundes som staden også påverkar menneska sine handlingar og aktivitetar (Aakvaag, 2008, s. 134-139). Likevel ser vi nokre ulike nyansar av kva staden symboliserer for ulike informantar, og det kan vera nyttig å vere klar over desse ulikheitene for å forstå opplevingane deira av kommunedelinga og korleis dette påverkar identiteten og tilhøyrsla deira.

5.2.4 Frykt for framtidige konsekvensar: «Tida vil vise»

Informantane gir uttrykk for at det enno ikkje har skjedd større endringar i kvardagen som følge av kommunedelinga, men at den nye reforma dannar grobotn for ei uvisse om kva som skal skje framover. Nettopp denne uvisse om framtida vert skildra av Maja på følgende måte:

Maja: Enno er det ikkje endringar, men det blir vel etterkvart. Tek dei vetlefingeren så tek dei heile handa. Det ligg ein usikkerheit der.

Dette er eit syn som vert delt av fleire av dei andre også. Nettopp denne usikkerheita av kva konsekvensar delinga har på sikt er noko som går igjen, og det kan tenkast at det er denne uklarheita som er grunnlaget for ein del av misnøya som vert ytra. I følge Distriktssenteret (2014) er nettopp det å informere innbyggjarane om kva dei vil miste, kva dei vil behalde, kva som kjem i staden for og kva som vert nytt noko av det viktigaste som må ligge til grunn for at endringsprosessar skal verte ein suksess. Det er også ein del usikkerheit kring spørsmålet om politisk innverknad. Her er det fleire som meiner at den nye ordninga vil svekka posisjonen til innbyggjarane i gamle Snillfjord kommune.

Isak: Eg trur ikkje vi får sagt noko om noko. Eg veit at Snillfjord har hatt betre ordningar på ting og at Orkland har hatt dårlegare tilbod til innbyggjarane, og no skal vi gå ned på dei ordningane i staden for at dei skal kome på same nivå som oss.

I tillegg til å frykte at nivået på tilboda skal søkke som følgje av delinga, påpeiker informanten dei ikkje lenger får «sagt noko om noko». I dette kan det ligge ei bekymring for at innbyggjarane i gamle Snillfjord kjem dårlegare ut i fleire saker fordi dei no blir «små» i forhold til dei nye, større kommunane. Redselen for å få mindre grad av innflytelse er derfor ein fellesnemnar for fleire av innbyggjarane. Likevel vert det ytra ei forståing for at det er ein naturleg konsekvens av sentraliseringa. Oskar legg det fram på følgende måte:

Oskar: Det er ein viss fare for å bli overkøyr, men slik er det heile tida når ting skal sentraliserast. Det er jo i dei større kommunane og på dei større tettstadane at dei fleste folka bur, så det er jo naturleg at majoriteten av dei som bestemmer sit der. Det som er mest problematisk er at dei lokale tenestetilboda vi har vil forsvinne.

Han poengterer dermed at dei lokale tilboda av tenester og funksjonar er det som er det mest essensielle å få behalde. Nettopp dette punktet verkar til å vera det mest sentrale for mange av informantane. Faktorar som nettopp det å oppretthalde lokale tenestetilbod og funksjonar i lokalsamfunnet vil vere med på å sikre eit likt nivå av tilhøyrsløse til staden (Nordtug et al, 2004, s. 53). Sentralisering av eksisterande lokale tilbod vert sett på som ei stor ulempe særleg for innbyggjarar i det som vil verta ytterkantane i dei nye kommunane.

Nora: Ein vil nok merke konsekvensane etterkvart. Til dømes dei som bur på ytterkantane som ikkje sokner til sjukeheimen på Krokstadøra, dei skal jo til den nye kommunen, og eg veit at det er mange eldre som vil hit. Og alt blir jo sentralisert. Kommunehuset til dømes, det var jo fullt av arbeidsplassar, no er det nesten tomt. Dei fleste funksjonane har jo flytta til Orkanger. Det er lett vint at vi på bygda kan køyre til Orkanger, men det blir verre for dei å køyre ut til oss. Det bør jo vere noko som er her også. Det er store moglegheiter for å skape gode arbeidsplassar her. Det vil jo kanskje gjere utslag på befolkninga, barnehage og skule. Å vekse opp her var jo fint, spesielt då vi fekk samla elevar frå heile kommunen når vi kom på ungdomsskulen. Det var eit godt samhald, og vi vart med andre elevar heim og reiste rundt om i heile kommunen.

Det vert dermed uttrykka stor frustrasjon over at tenester og funksjonar vil forsvinne, og fleire er misfornøgde med at ein må strekke seg etter kva som er det beste for majoriteten i dei større tettstadane. Svekka attraktivitet vert også understreka som ein konsekvens på sikt, da arbeidsplassar også forsvinn i sentraliseringa, noko som er i samanheng med det Frisvoll (2016) skriv om korleis svekka tenestetilbod kan føre til mindre attraktivitet for bygdene. Ein er redd for at dette skal skapa ringverknadar på både innbyggjartal og skuletilbod, noko som vil svekke ytterkantane enno meir på sikt. Informanten trekk også fram samhaldet frå skulen, og ser dette i samanheng med stadens attraktivitet. Oppvekstmoglegheitene for born og ungdom vert rekna som ein viktig faktor for attraktiviteten til staden. Som informanten er inne på kan ei eventuell nedlegging av skulen føra til ein negativ utvikling der staden også vert mindre attraktiv for tilflytting. Skulen er dermed viktig både for barna si utdanning, den er med på å knytte bygda saman og skape sterkare samhald, samt at den er viktig for å hindre fråflytting frå staden. Skulen er derfor avgjerande for lokalsamfunnet si attraktivitet (Villa, 2016, s.178-187).

Maja deler nokre av dei same tankane om redsel for framtidige konsekvensar:

Maja: Vi er redde for at noko skal bli tatt vekk frå oss, så det ligg ei usikkerheit rundt det. Eg vil gjerne at tilboda vi har skal bestå, slik at vi skal ha noko å gjere på vi som er her også. No er eg med på Sterk og Stødig, basseng og trim. Det må vi ha. Og butikken. Butikken, kafeen og bensinstasjonen. Det er viktig. Vi kan ikkje reise ned på Orkanger om vi treng ein liter mjølk. Vi må ha butikken ja. Også er sjukeheimen viktig, den må ikkje vekk, det er viktig her i bygda ja. Det er mange som vil hit sjølv om dei høyrer til i dei andre delane, for her er dei kjent.

Igjen er frykta for eit svekka tenestetilbod noko som vert poengtert. I tillegg verkar fordelinga av pasientar til dei ulike sjukeheimane i området som ei viktig sak for mange av informantane. Ein ynskjer at dei eldre skal få komme på sjukeheimar saman med dei som dei har høyrte til skulekrins med, då det er desse som kjenner kvarandre frå før. Med den nye reforma vert dei eldre delte etter ny geografisk tilhøyrslø, noko som fleire synes er ein trist konsekvens.

5.2.5 Opplevinga av avgjerda: «Kven er nøgd?»

Det kan sjå ut som at det er informantane som no er ein del av Orkland kommune som er minst nøgd med kommunesamanslåinga. Ein tanke er at dette kan forklarast med at det er desse innbyggjarane som har mest å miste i form av tenester på grunn av kommunedelinga. Dette vert også nemnt av andre informantar:

Jakob: Det eg ser på som minus er dei som bur i utkantane. Til dømes på Hafsmo, som ligg over fjorden for oss. Dei høyrer jo til Orkland no, og dei har mykje lenger reiseveg til Krokstadøra enn kva vi som bur på Vennastranda og høyrer til Heim har.

Dette vart også tatt opp som eit tema i intervjuet med Isak som bur på Krokstadøra. Her kjem det fram at det «dei tre delane» av Snillfjord alltid har vore litt delt.

Isak: Det var klaging frå Vennastranda og Sunde at Krokstadøra var det store stygge sentrumet fordi vi hadde alle tenestene, men eg trur ikkje det blir noko likare no når alle blir ein utkant i kvar sin del.

Også Henrik frå Sunde delar nokre av dei same tankane som Isak.

Henrik: For å seie det brutalt, frå 1962, har vi heile tida vore delt i tre geografisk. Ytre Snillfjord, Krokstadøra og omegn og Sunde. Det var ofte haldningar rundt om som «dei skal ha det på Krokstadøra no», «dei skal ha det på Sunde no».

Det kan sjå ut til at det er innbyggjarane rundt «sentrumsdelen» av Snillfjord som gir mest utsegn for at dei er minst nøgde med kommunedelinga. Det kan tenkjast at den delen av befolkninga som er vande med å ha god tilgang på tenester som butikk, arbeidsplassar, skule, barnehagar, fritidsaktivitetar og anna, er dei som fryktar endringar som kan kome med kommunesamanslåing mest. Dette står i samanheng med det Frisvoll (2016) viser til i ein liknande studie der innbyggjarar reagerer sterkt på ei mogleg nedlegging av tenestetilbod då dette kan svekke attraktiviteten til staden (Frisvoll, 2016, s. 249-250). Dei som allereie har vore ein utkant verkar for å synes at prosessen har vore grei. Dette kan tolkast som at sentrumsdelen av Snillfjord kommune, altså Krokstadøra og omegn ivrar etter å få med seg heile kommunen til Orkland for å stå sterkare med tanke på tenestetilbod. Medan ytterkantane som Vennastranda og Sunde med omegn synes at tredelinga har vore ein naturleg prosess som i følgje nokre av informantane også har gitt ekstra godar som til dømes kortare reiseveg til ungdomsskulen og til det nye sentrumet som ein allereie før kommunedelinga handlar i dagleg. Det at fleire av innbyggjarane allereie nyttar seg av tenestetilbod i den nye kommunen kan i følgje Frisvoll og Almås (2004) vere lurt med tanke på kor raskt innbyggjarane vil bli etablerte som ein naturleg del av kommunen. Dersom innbyggjarane samhandlar gjennom bruk av tenester med kommunen over tid, vil dette kunne skape ei kjensle av tilhøyrslø innanfor den nye kommunegrensa (Frisvoll & Almås, 2004, s. 9).

Lengda på reiseveg er blitt nemnt som den største faktoren til kvifor innbyggjarane i ytterkantane av Snillfjord ynskjer seg til Heim eller Hitra. Dermed kan det verke som det er Krokstadøra og omegn som fryktar konsekvensane av kommunedelinga mest. Dette fordi det er den delen som har hatt alle funksjonane og tenestene i gamle Snillfjord kommune. Det kan ut i frå dette sjå ut som at det er denne delen som har mest å miste, og som i verste utfall må gå i frå å ha vore sentrum til å bli ein utkant i Orkland kommune. Dersom det skjer at Krokstadøra mistar fleire av dei viktig tenestene vil dette kunne ramme dei bygdene som allereie ligg eit stykke unna sentrum på Krokstadøra slik Jakob skildra ovanfor.

6.0 AVSLUTNING

I denne oppgåva har eg høyrte og sett på korleis ni innbyggjarar i gamle Snillfjord kommune har opplevd kommunedelingsprosessen, samt korleis identiteten og stadstilhøyrsla til innbyggjarane har blitt påverka av dette. Det metodiske utgangspunktet som er nytta er kvalitative djupneintervju. Den overordna problemstillinga som er blitt kasta lys på er: *Korleis vert identitet og stadstilhøyrsla påverka av kommunedeling?* I forlenginga av den overordna problemstillinga vart det utarbeida og formulert to forskingsspørsmål: 1) Kvifor har innbyggjarane så ulik oppfatning om delingsprosessen? 2) Korleis opplever innbyggjarane at attraktiviteten til stadene tilknytt den gamle kommunen har blitt påverka av dei strukturelle endringane? I dette kapitlet vil først dei sentrale funn gjort i studien bli presentert. I lys av dei to forskingsspørsmåla vil oppgåva sin overordna problemstilling bli svart på. Til slutt vil oppgåva sitt tema bli dratt vidare, der det vil bli tatt føre seg forslag til vidare forskning på dette området.

6.1 Sentrale funn

Innbyggjarane har opplevd kommunedelingsprosessen på ulikt vis, både når det kjem til innbyggjarundersøking og informasjonsgiving, medbestemming og kor fort føre seg dei synes denne prosessen har gått. I tillegg har dei ytra sine meiningar og fortalt om sine opplevingar kring korleis det er å bu i områda som før 1.1.2020 høyrde til Snillfjord kommune, samt kva tilknytning dei hadde til kommunen. I tillegg har dei fortalt om korleis fellesskapet og samhaldet rundt Snillfjord var og framleis er, kva dei ser på som Snillfjord sin identitet, samt kva dei ser føre seg vil skje med områda i framtida.

Når det gjeld den tidlege fasen av prosessen, altså områda som var knytt til informasjonsgiving og kartlegging, var det store sprik i opplevinga. Her vert det hevda alt frå at informasjonen var klar og tydeleg, til at innbyggjarundersøkinga om kvar folk nytta funksjonar og tenester vart nytta til å dra konklusjonar i saka på feil premis. Basert på desse uttalingane vart det også uttrykt ein klar «oss og dei»-tankegang når det gjeld kven som har makta rundt ei slik avgjerd. Nokre av innbyggjarane opplevde dermed liten grad av medbestemming i saka, og at utfallet var fastbestemt på førehand. Det verkar som om fleire følte på ein resignasjon kring dette, og det vart lagt fram at det ikkje nyttar å seie i frå, då

stemmene deira ikkje blir høyrde uansett. Mange av dei same informantane som uttrykte denne misnøya var også kritiske til det raske tempoet i prosessen, og følte at det ikkje var nok tid til å sette seg inn i saka på ein ordentleg måte. Det er likevel klare motpolar til desse stemmene, då andre syntes at ein har fått moglegheita til å ytre sine meiningar og at desse har blitt høyrde.

Når det gjeld opplevingane kring sjølve delinga er det fleire ulike moment som vert bringa opp av informantane. Synet på oppløysing av det gamle er todelt, der årsaka vert sett på gjennom nostalgi og kjensler, eller om innbyggjarane har ein meir økonomisk og realistisk inngang til det. Dei som synes at delinga var fornuftig, trekker gjerne fram dei økonomiske sidene ved kommunedrift og ser på det som naturleg med ei deling for å verte meir robuste som ein del av ein større kommune. Desse informantane anerkjenner i større grad dei tinga som ikkje nødvendigvis fungerte så godt i den gamle kommunen. Blant anna vert det forklart at dei tre delane i Snillfjord alltid har vore polariserte, og at skulen ikkje lengre er det same og viktige knutepunktet som før. For innbyggjarane som uttrykte størst misnøye med delinga, var det gjerne meir kjenslemessige argument som låg til grunn. Grunnverdiar som eit sterkt fellesskap og solid samhald vert trekt fram som det som skildra identiteten knytt til Snillfjord best. Stor grad av tryggleik og ein svært høg grad av tillit mellom innbyggjarane gjennomsvyra svara av dei som var kritiske til delinga, og dei uttrykte stor usikkerheit i om desse viktige faktorane kom til å svekkast som følge av ei slik deling.

Det kan dermed verke som at dei ulike syna på delinga først og fremst kan forklarast ved om innbyggjarane si tilhøyrsla til staden i størst grad er funksjonell eller emosjonell.

Informantane med den realistiske inngangen til delinga har gjerne ei tilhøyrsla til staden gjennom at staden dekkar deira spesifikke behov og konkrete funksjonar som bustad, arbeid og tenester. Dette er funksjonar som kan dekkast frå andre stader, og sjølve tilhøyrsla til den overordna kommunen er dermed ikkje nødvendigvis så sterk. Dei som derimot har dei meir kjenslevarer og emosjonelle tilhøyrsla til kommunen har derfor eit anna utgangspunkt. Verdiar som tillit og fellesskap tek lang tid og utvikle, og denne sosiale tilhøyrsla har sitt utspring frå tilhøyrsla til andre menneske. Slike behov let seg dermed ikkje dekkast like lett frå andre stader, og dette kan vere noko av årsaka til at desse innbyggjarane i større grad ønska at den gamle kommunen kunne halda fram som før.

Dei fleste av informantane meinte at det førebels ikkje var dei store endringane som følge av kommunedelinga. Likevel var det store skilnadar mellom korleis dei vurderte framtidskonsekvensane av dette. For enkelte var det ei stor framtidsoptimisme som råda. Dette gjaldt for dei som var nøgde med utfallet av prosessen. Her vart argument som kortare eller betre reiseveg til jobb og skule, større utval av funksjonar og tenester i nærleiken og ein meir økonomisk robust kommune presentert. Andre informantar uttrykte ei langt større usikkerheit for korleis framtida skulle bli. Særleg gjaldt dette ei frykt for å miste arbeidsplassar, tilbod og tenester, samt viktige institusjonar som skule og sjukeheim. Denne usikkerheita av å ikkje vite dei endelege konsekvensane av delinga var det som vart opplevd som mest negativt for dei fleste. Oppvekstmoglegheitene for born og ungdom vert av fleire trekt fram som ein viktig faktor for attraktiviteten til staden, der tilgang til barnehage og skule står sentralt. Skulen er spesielt viktig då den er med på å knytte bygda saman og skape sterkare samhald, samt at den er viktig for å hindre fråflytting frå staden.

Funna i oppgåva viser at det også er ein sterk samanheng mellom geografisk plassering og kor nøgde innbyggjarane var med utfallet av delingsprosessen. Det kan sjå ut til at det er innbyggjarane som høyrer til dei sentrale områda av gamle Snillfjord kommune som gir mest uttrykk for at dei er misnøgde med kommunedelinga. Ei naturleg forklaring kan vere at den delen av befolkninga som er vande med å ha god tilgang på funksjonar og tenester gjerne er dei som har mest å tape. Denne delen vart no i større grad ein utkant i ny kommune, medan dei andre delane kom nærare nye kommunesenter med dei fordelane det kan gi. Det var også i denne delen av kommunen at ei underskriftskampanje vart starta for å få heile kommunen samla over til Orkland kommune. Dette kan komme av at ein ville sikre eiga «vinning» og sørge for at ein ikkje sjølv blei utkant. Fleire av desse innbyggjarane var likevel dei som gav størst uttrykk for det sterke emosjonelle og sosiale banda i den gamle kommunen. Dette kan derfor også vera eit døme på at når stadsidentiteten vert trua, så vert det mobilisert for å styrke denne, og stort personleg engasjement vart skildra av desse innbyggjarane.

Ein kan på bakgrunn av dette sei at ikkje berre staden, men også kommunen har stor betydning for innbyggjarane si tilhøyrslø og identitet. Denne tilhøyrslø og samhøyrigheita med dei andre menneska som bur der er dermed byggesteinane for å utvikle gode og trygge lokalsamfunn. I framtidige kommuneprosessar bør det derfor ikkje berre takast avgjerder basert på rasjonelle faktorar som storleik, funksjonar og tenester. Denne oppgåva viser at identitet og tilhøyrslø

knytt til stad og kommune kan få stor påverknad av ei strukturendring, og potensielle endringar av slike faktorar må takast på alvor i utredningar av framtidige kommuneendringar.

6.2 Veggen vidare

Denne studia har teke føre seg innbyggjarane sine opplevingar knytt til ei spesifikk kommunedelning. Fleire kommunar har gjennomgått liknande prosessar i nyare tid, og det kan tenkast at mange av desse erfaringane kan vera nyttige i evalueringa av desse prosessane, samt også i framtidige delings- og samanslåingsprosessar. Funna kan også vera relevante for liknande studiar framover. Sidan ein stor del av usikkerheita til informantane baserer seg på frykt for framtidige konsekvensar, kan det derfor også vera svært nyttig å gjennomføre ei likande studie i framtida som baserer seg meir på dei faktiske langsiktige konsekvensane av delinga.

Då denne kvalitative studien er basert på djupneintervju med ni informantar, høver den godt til å vise fram einskilde aspekt ved kva informantane opplevde kring kommunedelinga. Det er derimot umogleg å generalisere funna til å seie noko om kva som representerer innbyggjarane som heilheit sine tankar og meiningar. For seinare studiar kan det derfor vera hensiktsmessig å intervju eit større utval av informantar, og det kan da vera interessant å undersøke eit breiare aldersspekter for å kunne sjå etter eventuelle ulikheiter og for å fange ein større essens av innbyggjarane sine opplevingar.

Denne oppgåva er ein del av eit større prosjekt der Kommunal- og moderniseringsdepartementet i forbindelse med kommunedelinga har bedt om ein rapport med læringspunkter som kan bidra til kunnskap om utfordringar ved deling og samtidig samanslåing. Denne oppgåva har blant anna teke føre seg innbyggjarar sine opplevingar med kommunedelings- og kommunesamanslåingsprosessen, og vil dermed kunne gi auka innsikt i aspekt innanfor innbyggjarinvolvering. Saman med andre masterprosjekt skal dette danne grunnlag for ein kortfatta rapport med konkrete læringspunkt for framtidige kommunedelingar.

Litteraturliste

Aakvaag, G. C. (2008). *Moderne sosiologisk teori*. Oslo: Abstrakt Forlag.

Aarsæther, N. (2016). Lokalsamfunn- mot alle odds? I Haugen, M. S. & Villa, M. (Red.), *Lokalsamfunn* (s. 134-151). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Agnew, J. (1987). *Place and Politics: the Geographical Mediation of State and Society*. London: Allen & Unwin.

Berg, N. G. & Dale, B. (2009). Sted- begreper og teorier. I Berg, N. G., Dale, B., Lysgård, H. K. & Løfgren, A (Red.), *Mennesker, steder og regionale endringer* (s. 39-61). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.

Berg, N. G. (2016). Lokalsamfunn som sted- hvordan forstå tilknytning til bosted? I Haugen, M. S. & Villa, M (Red.), *Lokalsamfunn* (s. 34-52). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Brandtzæg, B. A. (2014). Hvordan gjennomføre en kommunesammenslåing? Erfaringer og innspill fra frivillige sammenslåinger. Henta frå: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/komm/kommunereform.no/kommunesammenslaaing_og_prosess_telemarksforskning_bab2.pdf

Bolkesjø, T., & Brandtzæg, B. A. (2005). Den vanskelige dialogen: om innbyggerhøring og evaluering av forsøket på kommunesammenslutning i Valdres i 2004.

Bourdieu, P. (1986). The Forms of Capital. I Richardson, J. R. (Red.), *Handbook of Theory and Research for the Sociology of Education* (s. 241-258). New York: Greenwood Press.

Det kongelige kommunal og moderniseringsdepartement. (2018). Fastsetting av kommunegrense mellom Orkland og Heim kommuner og mellom Orkland og nye Hitra kommuner. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/124783bb55fc48f3aa498868987b7023/kommunegr enseorkdalheim.pdf>

Distriktssenteret. (2014). Kunnskap og erfaringer fra prosesser med kommunesammenslåing. Henta frå: <https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2014/10/Rapport-kommunesammenslaaing-KDU-2014.pdf>

Fosso, E. J. (1997). *Industristeders arbeidstilbud og generasjoners forhold til utdanning, arbeid og sted- eksempelet Årdal*. (Doktoravhandling). Norges Handelshøyskole og Universitetet i Bergen.

Frisvoll, S. & Almås, R. (2004). Kommunestruktur mellom fornuft og følelser. Betydningen av tilhørighet og identitet i spørsmål om kommunesammenslutning (05/04). Norsk senter for bygdeforskning. Henta frå: <https://ruralis.no/wp-content/uploads/2017/05/148fc2c6ca1b0a-1.pdf>

Frisvoll, S. (2016). Når døde grenser våkner. I Haugen, M. S. & Villa, M. (Red.), *Lokalsamfunn* (s. 235-258). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Giddens, A. (1991). *Modernitet og selvidentitet. Selvet og samfundet under sen-moderniteten*. Dansk Utgave: Hans Reitzels Forlag A/S: København.

Hammersley, M. (2017). Interview data: a qualified defence against the radical critique. *Qualitative Research*, 17(2), 173-186.

Haugen, M.S. & Villa, M. (2016). Lokalsamfunn i perspektiv. I Haugen, M. S. & Villa, M (Red.), *Lokalsamfunn* (s. 17-33). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Inndelingslova. (2001). Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser. (LOV-2001-06-15-70). Henta frå: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2001-06-15-70/KAPITTEL_1#§1

Krumsik, R. J. (2015). *Forskningsdesign og kvalitativ metode. Ei innføring*. (2. Oppl.). Bergen: Fagbokforlaget.

Lysgård, H. K. & Cruickshank, J. (2016). Attraktive lokalsamfunn- hva er det og for hvem? I Haugen, M. S. & Villa, M. (Red.), *Lokalsamfunn* (s. 95-114). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Nordtug, J., Sand, R., Wendelborg, C. og Aasetre, J. (2004). Tilhørighet, pendling og kommunestruktur. En analyse av hvordan tilhørighet og pendling kan påvirke den framtidige kommunestrukturen i Nord-Trøndelag. Nord- Trøndelagsforskning. NTF-notat 2004:10.

Olsen, H. M. (2020). Snillfjord- tidligere kommune. Henta frå: [https://snl.no/Snillfjord - tidligere kommune](https://snl.no/Snillfjord_-_tidligere_kommune)

Opheim, A. (2016). Snillfjord blir delt i tre. Henta frå: <https://www.adressa.no/nyheter/sortrondelag/2016/06/30/Snillfjord-blir-delt-i-tre-12974752.ece>

Prop. 95 S 23 (2013-2014). Kommuneproposisjonen 2015. Henta frå: https://www.regjeringen.no/contentassets/b1ac3420d8ab44f99558775f132d9cf2/meldingsdel_kommunereform_og_vedlegg.pdf

Putnam, R.D. (2000) *Bowling alone: The collapse and revival of the American community*. New York: Simon & Schuster

Relph, E. (1976). *Place and Placelessness*. London: Pion Limited.

Regjeringen (2020). Fakta om kommunereformen. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/kommunereform/id2548377/>

Schiefloe, P. M. (2011). *Mennesker og samfunn. Innføring i sosiologisk forståelse*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Silverman, D. (2005) *Doing Qualitative Research*. 2. utg. London: Sage

Silverman, D. (2017). How was it for you? The Interview Society and the irresistible rise of the (poorly analyzed) interview. *Qualitative Research*, 17(2), 144-158.

Thagaard, T. (2018). Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode (5. utg). Bergen: Fagbokforlaget.

Thomassen, M. (2016). *Vitenskap, kunnskap og praksis. Innføring i vitenskapsfilosofi for helse- og sosialfag*. (1. Utg. 7. Oppl.). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Tjora, A. (2012). Kvalitative forskningsmetoder i praksis. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Tönnies, F. (1957) *Community and Society*. New York:Harper Torch books.

Originaltittel Gemeinschaft und Gessellschaft 1887

Vestby, G. M. & Skogheim, R. (2014). Hode og hjerte? Lyst eller smerte? Om lokal identitet og tilhørighet i kommunereformen. Henta frå: https://distriktssenteret.no/wp-content/uploads/2014/06/140702_Notat_NIBR_Vestby.pdf

Villa, M. (2016). Lokalsamfunn til kamp for skulen. I Haugen, M. S. & Villa, M. (Red.), Lokalsamfunn (s. 177-197). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

VEDLEGG

Vedlegg 1: NSD-godkjenning (særleg utval 5 er gjeldande for denne oppgåva).

4.6.2020

Meldeskjema for behandling av personopplysninger



Meldeskjema 603889

Sist oppdatert

14.02.2020

Hvilke personopplysninger skal du behandle?

- Navn (også ved signatur/samtykke)
- E-postadresse, IP-adresse eller annen nettidifikator
- Lydopptak av personer
- Bakgrunnsopplysninger som vil kunne identifisere en person

Type opplysninger

Du har svart ja til at du skal behandle bakgrunnsopplysninger, beskriv hvilke

Alder, kjønn, sektor, kommune og rolle (leder eller ansatt).

Skal du behandle særlige kategorier personopplysninger eller personopplysninger om straffedommer eller lovovertrædelser?

Nei

Prosjektinformasjon

Prosjektittel

Kommunesammenslåing og kommunedeling

Begrunn behovet for å behandle personopplysningene

Behovet for å behandle personopplysningene er knyttet til datainnsamling ved bruk av papirbaserte spørreskjema, elektroniske spørreskjema, personlige intervju og gruppeintervju.

Ekstern finansiering

- Norges forskningsråd (NFR)

Type prosjekt

Forskerprosjekt

Behandlingsansvar

Behandlingsansvarlig institusjon

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet NTNU / Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap (SU)
/ Institutt for psykologi

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Ola Andreas Stavne, ola.a.stavne@ntnu.no, tlf: 90014887

Skal behandlingsansvaret deles med andre institusjoner (felles behandlingsansvarlige)?

Nei

Utvalg 1

Beskriv utvalget

Ansatte og ledere i Leksvik, Rissa og Indre Fosen kommuner

Rekruttering eller trekking av utvalget

På grunnlag av studiens omfang og valg av metode gjennomfører stipendiaten et strategisk utvalg basert på sin kjennskap til kommunene som ansatt.

Alder

18 - 75

Inngår det voksne (18 år +) i utvalget som ikke kan samtykke selv?

Nei

Personopplysninger for utvalg 1

- E-postadresse, IP-adresse eller annen nettidifikator
- Bakgrunnsopplysninger som vil kunne identifisere en person

Hvordan samler du inn data fra utvalg 1?**Elektronisk spørreskjema****Grunnlag for å behandle alminnelige kategorier av personopplysninger**

Samtykke (art. 6 nr. 1 bokstav a)

Informasjon for utvalg 1**Informerer du utvalget om behandlingen av opplysningene?**

Ja

Hvordan?

Skriftlig informasjon (papir eller elektronisk)

Utvalg 2

Beskriv utvalget

Ansatte og ledere i Leksvik, Rissa og Indre Fosen kommuner

Rekruttering eller trekking av utvalget

På grunnlag av studiens omfang og valg av metode gjennomfører stipendiaten et strategisk utvalg basert på sin kjennskap til kommunene som ansatt.

Alder

18 - 75

Inngår det voksne (18 år +) i utvalget som ikke kan samtykke selv?

Nei

Personopplysninger for utvalg 2

- Navn (også ved signatur/samtykke)
- E-postadresse, IP-adresse eller annen nettidentifikator

Hvordan samler du inn data fra utvalg 2?

Elektronisk spørreskjema

Grunnlag for å behandle alminnelige kategorier av personopplysninger

Samtykke (art. 6 nr. 1 bokstav a)

Elektronisk spørreskjema

Grunnlag for å behandle alminnelige kategorier av personopplysninger

Samtykke (art. 6 nr. 1 bokstav a)

Informasjon for utvalg 2

Informerer du utvalget om behandlingen av opplysningene?

Ja

Hvordan?

Skriftlig informasjon (papir eller elektronisk)

Utvalg 3

Beskriv utvalget

Ledere i Leksvik, Rissa og Indre Fosen kommuner

Rekruttering eller trekking av utvalget

På grunnlag av studiens omfang og valg av metode gjennomfører stipendiaten et strategisk utvalg basert på sin kjennskap til kommunene som ansatt.

Alder

18 - 75

Inngår det voksne (18 år +) i utvalget som ikke kan samtykke selv?

Nei

Personopplysninger for utvalg 3

- Navn (også ved signatur/samtykke)
- Lydopptak av personer

Hvordan samler du inn data fra utvalg 3?**Personlig intervju****Grunnlag for å behandle alminnelige kategorier av personopplysninger**

Samtykke (art. 6 nr. 1 bokstav a)

Informasjon for utvalg 3**Informerer du utvalget om behandlingen av opplysningene?**

Ja

Hvordan?

Skriftlig informasjon (papir eller elektronisk)

Utvalg 4

Beskriv utvalget

Ledere i Leksvik, Rissa og Indre Fosen kommuner

Rekruttering eller trekking av utvalget

På grunnlag av studiens omfang og valg av metode gjennomfører stipendiaten et strategisk utvalg basert på sin kjennskap til kommunene som ansatt.

Alder

18 - 75

Inngår det voksne (18 år +) i utvalget som ikke kan samtykke selv?

Nei

Personopplysninger for utvalg 4

- E-postadresse, IP-adresse eller annen nettidentifikator

Hvordan samler du inn data fra utvalg 4?**Elektronisk spørreskjema****Grunnlag for å behandle alminnelige kategorier av personopplysninger**

Samtykke (art. 6 nr. 1 bokstav a)

Informasjon for utvalg 4**Informerer du utvalget om behandlingen av opplysningene?**

Ja

Hvordan?

Skriftlig informasjon (papir eller elektronisk)

Utvalg 5

Beskriv utvalget

Folkevalgte, ansatte og innbyggere i gamle Snillfjord kommune

Rekruttering eller trekking av utvalget

Strategisk utvalg

Alder

18 - 75

Inngår det voksne (18 år +) i utvalget som ikke kan samtykke selv?

Nei

Personopplysninger for utvalg 5

- Navn (også ved signatur/samtykke)
- E-postadresse, IP-adresse eller annen nettidentifikator
- Lydopptak av personer

Hvordan samler du inn data fra utvalg 5?**Gruppeintervju****Grunnlag for å behandle alminnelige kategorier av personopplysninger**

Samtykke (art. 6 nr. 1 bokstav a)

Informasjon for utvalg 5**Informerer du utvalget om behandlingen av opplysningene?**

Ja

Hvordan?

Skriftlig informasjon (papir eller elektronisk)

Tredjepersoner

Skal du behandle personopplysninger om tredjepersoner?

Nei

Dokumentasjon

Hvordan dokumenteres samtykkene?

- Elektronisk (e-post, e-skjema, digital signatur)
- Manuelt (papir)

Hvordan kan samtykket trekkes tilbake?

Samtykket kan trekkes tilbake ved å ikke trykke "Ferdig" ved utfylling av elektroniske spørreskjema eller ved å gi beskjed muntlig eller skriftlig til meg som prosjektansvarlig.

Hvordan kan de registrerte få innsyn, rettet eller slettet opplysninger om seg selv?

Ved å henvende seg til prosjektansvarlig per telefon eller e-post.

Totalt antall registrerte i prosjektet

100-999

Tillatelser

Skal du innhente følgende godkjenninger eller tillatelser for prosjektet?**Behandling**

Hvor behandles opplysningene?

- Maskinvare tilhørende behandlingsansvarlig institusjon
- Mobile enheter tilhørende behandlingsansvarlig institusjon

Hvem behandler/har tilgang til opplysningene?

- Prosjektansvarlig
- Student (studentprosjekt)
- Interne medarbeidere

Tilgjengeliggjøres opplysningene utenfor EU/EØS til en tredjestat eller internasjonal organisasjon?

Nei

Sikkerhet

Oppbevares personopplysningene atskilt fra øvrige data (kodenøkkel)?

Ja

Hvilke tekniske og fysiske tiltak sikrer personopplysningene?

- Opplysningene anonymiseres
- Adgangsbegrensning
- Endringslogg

Varighet

Prosjektperiode

01.10.2016 - 28.02.2021

Skal data med personopplysninger oppbevares utover prosjektperioden?

Nei, data vil bli oppbevart uten personopplysninger (anonymisering)

Hvilke anonymiseringstiltak vil bli foretatt?

- Lyd- eller bildeopptak slettes
- Personidentifiserbare opplysninger fjernes, omskrives eller grovkategoriseres

Vil de registrerte kunne identifiseres (direkte eller indirekte) i oppgave/avhandling/øvrige publikasjoner fra prosjektet?

Nei

Tilleggsopplysninger

Denne meldingen tilhører tidligere godkjent prosjektnr. 51193.

Endringen består av at Utvalg 5 er lagt til prosjektet. I tillegg er prosjektperioden forlenget som følge av foreldrepermisjon. Ber om vurdering av dette.

Vedlegg 2: Informasjonsskriv

Vil du delta i forskningsprosjektet ”Deling av Snillfjord”?

Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskningsprosjekt hvor formålet er å bidra til økt kunnskap om utfordringer ved deling og samtidig sammenslåing av kommuner. I dette skrivet gir vi deg informasjon om målene for prosjektet og hva deltakelse vil innebære for deg.

Formål

Kommunestyret i Snillfjord vedtok 30.6.2016 å slå seg sammen med andre kommuner. Vedtaket innebar i praksis at kommunen fra og med 1.1.2020 ble delt i tre. Med utgangspunkt i de gamle skolekretsgrensene gikk en del til Hitra kommune, en del til Heim kommune og en del til Orkland kommune. Vi ønsker med dette prosjektet å samle kunnskap om gjennomføringen av denne prosessen, med vekt på det politiske og administrative arbeidet som er lagt til grunn.

Aktuelle problemstillinger som vil bli belyst:

- Hvordan har innbyggere folkevalgte, ledere, ansatte og tillitsvalgte opplevd gjennomføringen av deling og samtidig sammenslåing?
- Hvordan blir innbyggernes identitet og tilhørighet påvirket av en slik prosess?

Prosjektet er del av doktorgradsstudien «Å bygge en ny kommune», i regi av Indre Fosen kommune, Forskningsrådet og NTNU. Datamaterialet vil samtidig bli brukt i følgende masteroppgaver ved NTNU:

- Karita Vangestad Moen, lektorutdanningen
- Philip Lautin Jackson, arbeids- og organisasjonspsykologi
- Sofie Carlsen Bergstrøm, arbeids- og organisasjonspsykologi

Hvem er ansvarlig for forskningsprosjektet?

Phd-stipendiat Ola Andreas Stavne er ansvarlig for prosjektet.

Kommunene Heim, Hitra og Orkland er ekstern oppdragsgiver for prosjektet.

Hvorfor får du spørsmål om å delta?

Det blir gjennomført et strategisk utvalg av respondenter blant innbyggere, folkevalgte, ledere, ansatte og tillitsvalgte i gamle Snillfjord kommune, samt fra de nye kommunene Heim, Hitra og Orkland.

Orkland kommune er administrativt kontaktpunkt for prosjektet og har i samråd med administrasjonen i gamle Snillfjord kommune gitt prosjektet tilgang til kontaktinformasjon for aktuelle respondenter.

Hva innebærer det for deg å delta?

Hvis du velger å delta i prosjektet, innebærer det at du deltar i intervju, enten individuelt og/eller i gruppe. Intervjuene vil ha en varighet på ca. 60 minutter. Intervjuet vil handle om hvordan du har opplevd prosessen i lys av målene for prosjektet. For å gjengi det du forteller på en mest mulig korrekt og nøyaktig måte vil det bli benyttet lydopptaker i intervjuene.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Hvis du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle opplysninger om deg vil da bli anonymisert. Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg.

Ditt personvern – hvordan vi oppbevarer og bruker dine opplysninger

Vi vil bare bruke opplysningene om deg til formålene vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningene konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Det er kun prosjektgruppen, som består av phd-stipendiat og de tre masterstudentene med veiledere som vil ha tilgang til opplysningene som blir samlet inn. I datamaterialet vil navnet ditt og dine kontaktopplysninger bli erstattet med en kode som lagres på en egen navneliste adskilt fra øvrige data.

Datamaterialet vil bli behandlet på en slik måte at det ikke er mulig å gjenkjenne informantene i det som blir publisert fra dette prosjektet.

Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttes 1.2.2021. Fra og med denne datoen vil personopplysninger bli slettet og datamaterialet anonymisert.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- få slettet personopplysninger om deg,
- få utlevert en kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra NTNU har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Hvor kan jeg finne ut mer?

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- NTNU ved Ola Andreas Stavne, mobil: 90014887 og e-post: ola.a.stavne@ntnu.no.
- Vårt personvernombud: Thomas Helgesen, mobil: 93079038 og e-post: thomas.helgesen@ntnu.no
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost (personverntjenester@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig hilsen

Ola Andreas Stavne

Prosjektansvarlig
(Forsker/veileder)

Eventuelt student

Vedlegg 3: Samtykkerklæring

Samtykkeerklæring

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «Deling av Snillfjord», og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

- å delta i individuelt intervju
- å delta i gruppeintervju

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet, ca. 1.2.2021.

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

Vedlegg 4: Intervjuguide

Før opptak

Eg fortel litt om temaet for samtalen (bakgrunn og formål)

- Master i sosiologi på NTNU
 - Formålet med masteren er å finne ut meir om korleis kommunedeling/samanslåinga har påverka innbyggjarane og deira oppleving av tilhøyrse og identitet, samt korleis innbyggjarane har vorte ivaretatt gjennom prosessen.
 - Forklarer kva intervjuet skal brukast til- taushetsplikt og anonymisering.
- Underskrift
 - Spør om noko er uklart

Startar opptak

A. Oppvarmingsspørsmål

1. Kan du starte med å fortelje litt om deg sjølv?
 - Kor du er frå? Bygd?
 - Kor lenge har du budd her?
 - Korleis er det å bu her?

- Kan du trekkje fram nokre kvalitetar med Snillfjord som du set høgt?
 - Oppvekst der? Beskriv oppvekst på stedet.
 - Kva er fordelane med Snillfjord?
 - Noko du saknar?

- Kva er grunnane til at du busette deg her/blei her?
- Kva brukar du tida di på i Snillfjord?
 - Arbeid, fritid, idrett?

- Kva tilknytning har du til plassen? (Skildre gjerne forholdet du har til plassen)
 - Familie?

B. Prosessen med kommunedelinga

- Kan du fortelje om då du fekk vite at kommunen skulle delast i tre? Korleis reagert du? Korleis reagerte andre?
 - Korleis fekk du høyre om det?
 - Kva tankar hadde du tidleg i prosessen? Undervegs? Og når det vart vedtatt?
 - Hadde du ein meining om saken frå starten av?

C. Kvardag

- Har kvardagen endra seg etter delinga? Beskriv korleis den har endra seg.
 - Arbeid, fritid
 - Kva er dei største forskjellane frå før kommunedelinga?
- Kan du gje nokre eksempel på samarbeid mellom kommunegrensene- slik det var før og slik det er no. (Også korleis det er tenkt å bli).
- Stemninga i bygda? Vert kommunedelinga snakka om? Er det einsemd eller splittelse?
- Fellesskapskjensla (mtp delinga, at kommunen har blitt splitta)
- Fellesskapskjensla (mtp den nye kommunen).

D. Identitet og tilhøyrse

- Har Snillfjord ein identitet?
 - Korleis vil du beskrive den?
 - Kva består den av?
 - I kva tid eller kva saker er kommunen eller folk sin «identitet» diskusjonstema hjå dykk?
 - Tenkjer du/dykk anleis på/om identitet etter ny kommuneinndeling? Korleis? Kvifor?
- Korleis følte du tilhøyrse til Snillfjord kommunen og bygda di før kommunedelinga?
 - Korleis føler du tilhøyrse etter kommunedelinga? Beskriv.

E. «Oss» og «dei andre»

- Opplever du at det er eit skilje mellom «dei» fra Snillfjord og dei andre i kommunen?
 - Er dette noko det vert snakka om i det daglege?

Avrundingspørsmål

Ynskjer du å tilføye noko meir? Eventuelt noko anna vi ikkje har vore innom?

Tusen takk for at du ville stille opp! Det set eg stor pris på!

Kan eg ta kontakt dersom det skulle vere noko eg lurar på?

